

Fjaler kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 29.09.2015
Møtestad: Fjaler kommunehus, møterom 344
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmann og revisor i sak 027/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
025/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/15	Skriv og meldingar 29.9.2015
027/15	Revisjonsrapport - Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune
028/15	Budsjett for Fjaler kontrollutval 2016
029/15	Oppfølgingsliste 4-2015
030/15	Eventuelt

Med helsing

Magne Norddal
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 29.09.2015	Saksnr 025/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/448
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 29.09.2015	Saksnr 026/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/37
---	-------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar 29.9.2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	08.05.2015	Fylkesmannen sin oversending av tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø - Fjaler, Våge skule	15/1126
2	20.05.2015	Arbeidstilsynet brev datert 12.5.2015 - Byggeplasstilsyn 07.05.2015	15/1152
3	28.05.2015	Årsrapport og årsrekneskap for 2014 for KRYSS Revisjon	15/1090
4	10.07.2015	Melding om vedtak - KOM-054/15 1. tertial - Fjaler kommune	15/1253
5	26.06.2015	Melding om vedtak - KOM-057/15 Årsrekneskap 2014 for Dingemoen Idrettspark	15/1251
6	10.07.2015	Melding om vedtak - KOM-058/15 Årsmelding 2014 - Fjaler kommune	15/1254
7	10.07.2015	Melding om vedtak - KOM-059/15 Rekneskap 2014	15/1255
8	22.09.2015	KOM-069/15 Revisjon av handlingsplan mot krenkande åtferd i Fjalerskulen, handsama 7.9.2015	15/1568

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Fra: Krebs, Frans Jacob <fmsffkr@fylkesmannen.no>
Sendt: 8. mai 2015 10:24
Til: Anne Erstad
Kopi: Vange, John Ole; Solberg, Lill Mona; Pedersen, Helge; Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Fjaler kommune - oversending av tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø - Våge skule
Vedlegg: Fjaler kommune - oversending av tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø - Våge skule.pdf; Tilsynsrapport Fjaler kommune - Våge skule.PDF

FJALER KOMMUNE

VÅGE SKULE

Fjaler kommune - oversending av tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø - Våge skule.pdf

Tilsynsrapport Fjaler kommune - Våge skule: Tilsynsrapport Fjaler kommune - Våge skule.PDF

FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE
Utdanningsavdelinga
Frans Jacob Krebs
Rådgjevar
Kontor 57 64 31 06
Mobil 99603354

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE | COUNTY GOVERNOR OF SOGN OG FJORDANE
Njøsvegen 2, 6863 Leikanger | +47 5764 3000 | www.fylkesmannen.no/sfj | <http://www.fylkesmannen.no/sfj> | fmsfpost@fylkesmannen.no <<mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no>>



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Frans Jacob Krebs
Telefon: 57643106
E-post: fmsffkr@fylkesmannen.no

Vår dato
08.05.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/477 - 631.1
Dykkar referanse

Fjaler kommune
Postboks 54
6961 Dale i Sunnfjord

Fjaler kommune - oversending av tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø - Våge skule

Vedlagt følgjer endeleg tilsynsrapport etter Fylkesmannens tilsyn med Fjaler kommune og Våge skule.

Fylkesmannen har avdekt lovbrøt på alle dei tre hovudtema i tilsynet: skulen sitt førebyggjande arbeid, skulen si individretta handlingsplikt og brukarmedverknad.

Frist for retting av lovbrota er 7. september 2015. Dersom lovbrota ikkje er retta innan fristen vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting.

Med helsing

John Ole Vange
utdanningsdirektør

Frans Jacob Krebs
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til
Våge skule

6967 HELLEVIK I FJALER

VEDLEGG

Tilsynsrapport *Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø Fjaler kommune – Våge skule*



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT

PSYKOSOSIALE MILJØ

Fjaler kommune - Våge skule

2015

Innhald

Samandrag.....	3
1. Tema for tilsynet: skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø	4
2. Gjennomføring av tilsynet	6
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.....	6
3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll	6
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen.....	12
3.3 Brukarmedverknad	17
4. Førehandsvarsel om vedtak	20
5. Kommunen sin frist til å rette.....	22
Vedlegg 2: Oversyn over deltakarane i tilsynet	24
Vedlegg 3: Rettslege krav	25

Samandrag

Tema og føremål

Fylkesmannen opna 03.02.2015 tilsyn med skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø ved Våge skule i Fjaler kommune. Tilsynet sitt tema er delt i tre delar; skulen sitt førebyggjande arbeid, skulen si individretta handlingsplikt og skulen si plikt til samhandling og involvering av lovpålagte råd og utval.

Det overordna føremålet med tilsynet er å styrke arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og deira evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd på skulen. Gjennom undersøkingar av skulen sin praksis skal eventuelle lovbrøt i samband med tilsynstemaet avdekkast. Fylkesmannen vil gjennom pålegg om retting krevje at eventuelle lovbrøt blir retta.

Gjennomføring

Tilsynet vart opna gjennom varselbrev 03.02.2015. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og intervju, jf. vedlegg 1: oversyn over innsend dokumentasjon og vedlegg 2: oversyn over deltakarane i tilsynet. Det er gjennomført intervju med foreldre- og elevrepresentantar i råd og utval, og leiing og tilsette (lærarar og assistentar) ved Våge skule.

Avdekte lovbrøt

Fylkesmannen har avdekt lovbrøt på alle dei tre hovudtema i tilsynet: skulen sitt førebyggjande arbeid, skulen si individretta handlingsplikt og brukarmedverknad.

Tilsynsrapporten og vegen vidare

I denne endelege tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekt under tilsynet. Fristen er 7. september 2015. Dersom lovbrota ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

1. Tema for tilsynet: skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentlig skuleeigar, jf. Opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområde er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b. Fylkesmannen sine tilsyn med offentlege skular er utøving av mynde og skjer i samsvar med reglane etter dette i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling og at det er effektivt og kan etterprøvast.

Frå 2010 har Fylkesmannen gjennomført tilsyn der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Denne tilsynsrapporten er å sjå på som eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Rapporten inneheld varsel om pålegg om retting av lovbrøt som er avdekte i tilsynet.

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I denne omgang er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylte. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Føremålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivnad blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.

Dei overordna føremåla med tilsynet er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til temaet som er valt.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftleg eigenvurdering frå rektor og munnlege opplysningar frå intervju.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn 03.02.2015 med pålegg om å sende inn eigenvurderingsskjema og tilhøyrande skriftleg dokumentasjon innan 25.02.2015.
- Mottak av dokumentasjon 23.02.2015
- Opningsmøte på Våge skule 11.03.2015
- Intervju 10.03. (foreldrerepresentantar) og 11.03.2015
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 07.04.2015
- Sluttmøte som videomøte 22.04.2015
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 28.04.2015
- Endeleg tilsynsrapport med frist til 07.09.2015 for tilbakemelding

3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 11.03.2015.

Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskriv frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø; **Udir-2-2010** og systemretta arbeid etter opplæringslova kapittel 9a, **Udir-4-2014**.

3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre-var" haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

I samband med skulen sitt førebyggjande arbeid og internkontroll, har Fylkesmannen kartlagt følgjande problemstillingar:

Kan skulen dokumentere korleis ein jobbar med det førebyggjande arbeidet?

- Fjaler kommunestyre har vedteke *Trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane* som lokal forskrift av 21. mars 2011.
- Våge skule har i tillegg utarbeidd eigne, utfyllande ordensreglar.
- Første punkt i ordensreglane for Våge skule er trivsel og medansvar; «Skulen skal vere ein trygg og triveleg stad for alle. Difor må alle samarbeide, vise tillit, vere vennlege og ta omsyn til kvarandre, både i leik og arbeid.»
- Skulen har dokumentert *Handlingsplan for Våge skule 2014-2015*. Føremålet med planen er «å vidareutvikle ein felles plattform for vårt pedagogiske arbeid. I prosessen har vi brukt mykje tid på å diskutere verdiar og sameinast om ein visjon vi kan strekke oss mot. Med utgangspunkt i vårt felles verdigrunnlag og vår visjon, har vi formulert målsetjingar og tiltak for å nå måla.»
- Det kjem fram i handlingsplanen (og i rektor si eigenvurdering) at kontaktlærerfunksjonen inkluderer ansvar for å lage klassereglar kvar haust i nært samarbeid med elevane.
- Handlingsplanen gir under overskrifta *Skulekvardagen* nærare greie for det overordna målet med, og innhaldet i inspeksjonsrutinane.
- Skulen legg til rette for (etter søknad frå elevrådet) ei «inneordning» enkelte dagar i friminutta.
- Fjaler kommune har innført *Handlingsplan mot mobbing* (med endring av 26.11.2013) felles for alle skulane.

- Fjaler kommune har utarbeidd *Prosedyre § 9a-3 det psykososiale miljøet*. Prosedyren viser til *Skjema A for dokumentasjon av melding om hending i høve § 9a-3* og *Skjema B dokumentasjon av handsaming etter melding om hending i høve § 9a-3*.
- Våge skule har for inneverande skuleår utarbeidd første utgåve av ei eiga handbok. *Handbok for Våge skule 2014-2015*. A5-heftet inneheld m.a. visjon og mål, organisasjonskart, ordensreglar, trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane, IKT-reglement og skuleruta i kommunen. Etter ønske frå foreldregruppa inkluderer handboka diverse praktisk informasjon om skulekvardagen og ein samla årsplan for skulen.

Har skulen sett seg skriftlege mål for skulemiljøet?

I *Handlingsplan for Våge skule 2014-2015* kjem det fram i handlingsdelen at Fjaler kommune har slik visjon for alle skulane: «Fjalerskulen – ein døropnar for livet.»

Våge skule sin visjon er «Våge skule – eit fellesskap for tryggleik, glede og læring.»

Dei overordna måla er: *Den enkelte, stor eller liten: blir sett mellom dei mange – får omtanke og omsorg – vert teken på alvor – kjenner at ein høyrer til – lærer fordi ein trivst – får tilpassa faglege og sosiale utfordringar og opplever å lukkast.*

Vidare er måla for skulemiljøet rubrisert i fire kategoriar med overskriftene *Læringssyn, Elevsyn, Forventning til føresette* og *Forventning til tilsette*. Samla sett omhandlar dei fire kategoriane i alt 31 mål eller forventningar/intensjonar. Handlingsplanen inneheld ikkje strategiar for korleis måla skal nås.

Kan skulen dokumentere korleis ein evaluerer arbeidet med skulemiljøet?

I eigenvurderinga for tilsynet kommenterer rektor til denne problemstillinga at skulen gjennomfører klassestegsmøte før og etter elev/foreldrekonferansar og halvårsvurderingar. I intervjuet peiker rektor på at skulen gjennomgår resultat frå Elevundersøkinga kvart år. Rapporten frå den eksterne skulevurderinga¹ i 2014 førte med seg at resultat og tiltak vart nærare behandla i inneverande skuleår. Rektor understrekar at den nye *Handbok for Våge skule 2014-2015* er eit direkte resultat av konklusjonane i rapporten.

Gjennom intervju med lærarane kjem det også fram at Elevundersøkinga og rapporten frå den eksterne skulevurderinga har vore drøfta på personalmøte. Konklusjonane i «HAFS-rapporten» gjorde at det vart sett inn fleire vakter i friminutta og ved skulebussen og igangsetting av leikegrupper i friminutta.

¹ Skulevurdering i skuleregion HAFS/vurderingsnettverket rapport: *Vurdering for utvikling*, med tema *Lærings- og skulemiljøet*, datert 29.01.2014.

Fylkesmannen har gjennom tilsynet ikkje fått stadfesta at skulen har ein plan, eller eit system for *evaluering* av arbeidet med skulemiljøet. I *Handlingsplan for Våge skule 2014-2015* er ikkje omgrepet evaluering nemnt.

Kan skulen dokumentere korleis dei skaffar seg kjennskap til den einskilde elev si oppleving av skulemiljøet?

Skulen gjennomfører elev- og foreldresamtalar minst to gonger i året. Skulen har dokumentert *Samtaleark for 3-4. årstrinn*², skjema for utviklingssamtale 1. – 3. klasse, spørjeskjema med svaralternativ om psykososialt miljø og skjema utvikling i fag, for 8. – 10. klasse.

Handlingsplan for Våge skule 2014-2015 omtalar innhaldet i inspeksjonsrutinane relativt detaljert, m.a. med «gjeremål for vaktene.» Ansvar for ulike oppgåver er fordelt mellom vaktene sin plassering på skuleområdet. Det skal t.d. vere vakt på plass når skulebussen kjem om morgonen og under returkjøringa om ettermiddagen for å auke tryggleiken for elevane. For å integrere førsteklassingane og andre nye elevar er t.d. «Vakt nr. 2 i NORD» ansvarleg for å organisere leik i mindre gruppe.

Kan skulen dokumentere korleis ein følgjer opp observasjonar som er gjort gjennom kartlegging/observasjonar/samtalar?

I eigenvurderinga skriv rektor at skulen kan dokumentere korleis dei følgjer opp ulike observasjonar fordi det vert fylt ut skjema med avtaler. Det går fram av dokumentasjonen at dette dreier seg om *Skjema A for dokumentasjon av melding om hending i høve § 9a-3* og *Skjema B dokumentasjon av handsaming etter melding om hending i høve § 9a-3*. Begge skjema er nærare omtalt under avsnittet «Rutinar for å ta mot melding om mobbing» i handlingsplanen mot mobbing. Gjennom tilsynet har skulen dokumentert fire (anonyme) Skjema A og fire (anonyme) Skjema B frå dei to siste skuleåra. Dette er alle utfylte skjema i perioden.

Er det klargjort kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande – arbeidet?

Gjennom eigenvurderinga melder rektor at kontaktlærar har ansvar for å lage klassereglar og at skulen har faste samtaler ved overgang barnehage – skule. Gjennom intervju kjem det fram at «Eg ser at vi ikkje har skriftlege reglar for at kontaktlærar skal lage klassereglar, men eg skal

² Utgjevar er Sem & Stenersen Prokom A/S, 2010.

lage ein instruks for dette. I dag har vi ikkje dokument som viser at rektor sikrar/dokumenterer kven som har ansvar for dei førebyggjande tiltaka i den kommunale handlingsplanen mot mobbing.»

Er skuleleiinga involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeidet?

Våge skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule med drygt 50 elevar i dag. Miljøet er oversiktleg og «alle kjenner alle». Leiinga på skulen er i realiteten rektor aleine. I tillegg har rektor også fast undervisning og deltek i vakt- og inspeksjonsturnus. I intervju understreker rektor at ho er med på flest mogleg klassestegsmøter (som har ein frekvens på fire gonger i året) og prøver å delta i størst mogleg grad på teammøta som er fast annankvar veke.

Kan skulen dokumentere korleis dei har definert kva som vert sett på som krenkjande åtferd?

Gjennom eigenvurderinga svarer rektor «delvis» på spørsmålet og kommenterer slik: «Vanskeleg å seie fordi det er individuelt kva som er krenkjande. Positive formuleringar i ordensreglane: høfleg, rett på arbeidsro, rett på å ha eigendelar i fred.» I intervju kjem det fram at skulen ikkje har arbeidd spesielt med å få til ei felles forståing av krenkjande ord og handlingar. Skulen har ikkje satt fokus på innhaldet i opplæringslova § 9a-3 som kollegium eller på personalmøte.

Dette vart stadfesta gjennom intervju med lærarane, som kommenterer: «Nei, vi har ikkje hatt ein felles prosess på skulen for å sikre ei felles forståing av krenkjande ord og handlingar. Vi har prosessar på klasse- og trinn nivå når vi lager klassereglane, elles ved behov i løpet av skuleåret.»

I intervju med assistentane stadfester dei at «Vi har ikkje snakka om opplæringslova i samband med arbeidet her på skulen. Vi har gått gjennom ordensreglane og personalhandboka vår på fellesmøte i personalet.»

Kan skulen dokumentere korleis dei tilsette, elevane og foreldra vert gjort kjende med kva skulen ser på som krenkjande åtferd?

På bakgrunn av svara på førre problemstilling er det *Trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane* og *Ordensreglar Våge skule* elevar og foreldre blir gjort kjent med. Begge ordensreglementa er trykt i den nye handboka som vart sendt til heimane inneverande skuleår. Dei trivsels- og ordensreglane kommunestyre har vedteke skal elev og foreldre datere og signere som eige dokument (i tillegg signerer den aktuelle kontaktlæraren).

Vurdering

I tilsynet har vi sett nærare på i kva grad skulen har dokumentert planar og rutinar, om dei vert etterlevde i praksis og om skulen har dokumentert at planar og rutinar vert evaluerte.

I tillegg til Fjaler kommune sin visjon for dei fem skulane i kommunen, har Våge skule også sin eigen visjon for skulemiljøet; «Våge skule – eit fellesskap for tryggleik, glede og læring.»

Skulen har under visjonen satt opp generelle, overordna mål for skulemiljøet og vidare omtalt/konkretisert pedagogiske mål under fire rubrikkar kalla læringssyn, elevsyn, forventningar til føresette og forventning til tilsette. Samla sett har skulen her uttrykt i alt 31 intensjonar, forventningar og målsettingar.³

Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg og skulen skal derfor ikkje berre utarbeide gode målsettingar men må overføre krava i opplæringslova kapittel 9a til strategiar og konkrete tiltak. Våge skule må beskrive i praksis *korleis* elevane sin lovfesta rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø skal oppfyllest.

Det er eit lovkrav at skulen gjennom internkontroll oppdagar og handterer eventuelle brot på retten til eit trygt og godt miljø for elevane. Kravet til internkontroll fører med seg behov for *evaluering* av skulen sitt arbeid med skulemiljøet. Evaluering betyr i denne samanheng ein *systematisk gjennomgang og vurdering av måloppnåing* - basert på lov og regelverk og eventuelle lokale målsettingar. Fylkesmannen finn at Våge skule manglar ein samla plan eller eit system for evaluering av arbeidet med skulemiljøet.

Fjaler kommune har utarbeidd ein felles handlingsplan mot mobbing for alle skulane. Gjennom intervju med skulefagleg ansvarleg i kommunen er det stadfesta at alle skulane skal følgje den kommunale planen og ikkje lage avvikande planar. Våge skule har ikkje dokumentert at handlingsplan mot mobbing har vore evaluert. Kontaktlærarane kommenterer i intervju at dei ikkje kjenner til om handlingsplanen er evaluert.

Når skulen ikkje har eit eigarforhold til handlingsplanen kan dette føre til manglande konkret stadleg innhald eller praksis. Våge skule har ikkje konkretisert kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande arbeidet.

Tilsynet viser at Våge skule ikkje har arbeidd med kva som er krenkjande ord og handlingar og har heller ikkje hatt ein prosess med tilsette for å sikre ei felles forståing.

³ Visjonar og målsettingar er trykt både i handlingsplanen og handboka, men enkelte formuleringar i dei fire rubrikkane er likevel forskjellige.

Fylkesmannen sin konklusjon

Fjaler kommune – Våge skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld for det førebyggjande arbeidet og internkontroll.

3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova inneheld særskilte plikter for skulen som gjeld det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje helse, trivsel og læring for elevane.

Rettslege krav

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen har ei handlingsplikt som inneber plikt til i å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon og vurderingar av det individretta arbeidet baserer seg i stor grad på intervju med tilsette. Intervju med elevar og foreldre har òg vore ei informasjonskjelde i tilsynet.

Er dei tilsette gjort kjent med si handlingsplikt? ⁴

I intervju med lærarane ved Våge skule kjem det fram at dei ikkje kan hugse å ha snakka i personalgruppa om handlingsplikten i opplæringslova. Lærarane har heller ikkje fått direkte informasjon om kva handlingsplikta inneber. Det vart òg uttalt: «Eg veit at eg skal gripe inn, men ikkje korleis eg veit det.» Til dette spørsmålet svarer assistentane i intervju at dei «trur ikkje det har vore tema på møte på skulen.» I intervju med rektor vart det sagt; «Eg har ikkje laga dokument som seier kva som er innhaldet i lova på dette punkt. Eg tenkjer det ligg i yrkesetikken til lærarane at dei skal handle.»

Kjenner dei tilsette til innhaldet i handlingsplikta?

Omgrepet handlingsplikt er kanskje ikkje eit mykje brukt ord på skulen. Gjennom alle intervju kom det fram stor usikkerheit knytt til det faktiske innhaldet i opplæringslova si handlingsplikt.

Undersøker dei tilsette krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

I intervju kom det ikkje fram om tilsette hadde *undersøkt* krenkjande ord eller handlingar ved mistanke eller kunnskap. Rektor svarer slik i intervju: «Eg kan ikkje garantere det, men eg trur dei gjer det.» I intervju med lærarane kjem det fram at «Vi griper inn, men vi kan ha ulik terskel for å gripe inn.»

Har skulen rutinar som viser kva ein skal gjere når ein har mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar?

Våge skule har ikkje eigne rutinar på dette området, men skal følgje Fjaler kommune sin handlingsplan mot mobbing og tilhøyrande meldeskjema. Rektor stadfester i intervju at «Alle hendingar skal handsamas etter rutinane i handlingsplan mot mobbing.»

Det er Skjema A som er relevant når tilsette skal melde frå om kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar. Dette er eksplisitt formulert som eitt av to formål med skjemaet. Skjema B skal dokumentere «handsaming etter melding om hending i høve § 9a.»

⁴ «Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn», jf. opplæringslova § 9a-3 andre ledd.

Grip dei tilsette inn ovanfor krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

Gjennom intervju kjem det fram at tilsette grip inn, men òg at det kan vere ulikt når og korleis dei tilsette reagerer.

Har skulen rutinar for varsling til skuleleiinga og korleis følgjer leiinga opp varsling?

Felles kommunalt skjema (Skjema A) er tenkt som varsling til skuleleiinga, medan Skjema B omhandlar «Kva er gjort» og «Kva skal gjerast vidare».

Varsler dei tilsette skuleleiinga når dei har kjennskap eller mistanke om krenkjande åtferd?

I eigenvurderinga for tilsynet svarer rektor berre ja på spørsmålet, utan utfyllande kommentarar. Gjennom intervju kjem det fram at: «Dei to-tre siste sakene har blitt varsla av foreldre direkte til rektor. Eg trur at tilsette vil varsle meg dersom det er noko.»

Skulen har dokumentert fire (4) anonyme Skjema A frå dei siste to åra, og av desse er det to (2) skjema som er kryssa av for opplæringslova § 9a-3, andre ledd: tilsette melder om kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar. I begge tilfelle er rektor både avsendar og mottakar av meldinga.

Har dei tilsette på skulen ei felles forståing av kva det skal varslast om?

Rektor skriv i eigenvurderinga: «Usikker. Har gjennomgang av ordensreglement, handlingsplan mot mobbing og IKT-reglement kvar haust, men personalet har ulik terskel.» I intervju seier rektor: «Nei, [vi har] ikkje diskutert dette i personalet.»

I intervju med lærarane kjem det fram at; «Vi diskuterer kanskje mindre alvorlege ting, men når det gjeld større hendingar diskuterer vi kanskje ikkje så mykje felles terskel. Vi diskuterer hendingar og oppførsel på teama og kanskje i pausen på lærarrommet og så går vi eventuelt til rektor.»

Har skulen rutinar for å fatte enkeltvedtak når dei set i verk tiltak som er av inngripande karakter og som påverkar eleven sine rettar og plikter?

Trivsels- og ordensreglar for Fjalerskulane omtaler *Framgangsmåte ved vedtak om tiltak og sanksjonar* og gjer nærare greie for enkeltvedtak etter forvaltningslova, prosedyre ved klage og endeleg klageinstans.

Vert det fatta enkeltvedtak ved skulen dersom foreldre/elevlar ber om tiltak knytt til skulemiljøet?

Skulen har dokumentert tre (anonyme) enkeltvedtak, dvs. to frå førre skuleår og eitt inneverande år.

Vert oppmodingar handsama snarast mogeleg etter at desse har kome til skulen?

I intervju med foreldrerepresentantar vart dette kommentert slik: «skulen reagerer raskt.»

Vert foreldre/elevlar informerte om retten til å få enkeltvedtak når dei gjer ei oppmoding til skulen?

I intervju seier rektor: «Nei, det har eg ikkje gjort. Det er ikkje informert om retten til enkeltvedtak på foreldremøte.» Det kjem òg fram i intervju at kontaktlærarane heller ikkje har informert foreldre eller elevlar om denne retten. Vidare uttaler lærarane: «Viss det blir alvorlege ting, så håper vi at rektor gjev denne informasjonen.»

Fattar skulen enkeltvedtak i høve alle oppmodingar dei får?

I eigenvurderinga for tilsynet skriv rektor: «Nei. Det er ikkje alltid behov for enkeltvedtak. Mindre saker kan bli løyst utan vedtak i samråd med foreldra. Det blir fatta vedtak når foreldra krev det og/eller når saka er alvorleg.»

I intervju gjer rektor greie for praksis, slik: «Foreldre som melder inn mobbing må ha forslag til løysning eller tiltak for at eg skal gjere enkeltvedtak etter § 9a-3. Dersom eg ikkje gjer enkeltvedtak kan det hende at eg fyller ut skjema A og B. Men det kan vere at ei sak blir meldt og at vi finner løysing på annan måte. Det er to tilfelle i år der foreldre har meldt inn mobbing og vi har løyst sakene gjennom tiltak utan å gjere enkeltvedtak.»

Tar skulen i vedtaket stilling til den enkelte elev sin rett etter § 9a-1 i opplæringslova?

Dokumenterte enkeltvedtak frå Våge skule heimlar ikkje vedtak i lov eller paragraf. Eleven sin rett etter § 9a-1 i opplæringslova er ikkje nemnt eller teke stilling til på annan måte.

Blir det opplyst om forvaltningslova sine klagereglar, og er det skissert tiltak i vedtaket?

Alle dei tre innsendte enkeltvedtaka omtaler tiltak og informerer om retten til å klage. Dei to nyaste vedtaka opplyser at skjema med orientering om klagerett og saksgang følgjer vedlagt.

Vurdering

Alle tilsette har *plikt* til å handle etter opplæringslova § 9a-3, andre ledd som seier at ved mistanke eller kunnskap om *krenkjande ord eller handlingar* (som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme), skal vedkommande straks undersøke saka og varsle skuleleiinga, og dersom der er naudsynt og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Fylkesmannen finn at både leiing og tilsette på Våge skule har manglande kunnskap om innhaldet i handlingsplikta og kva lova inneber for skulekvardagen. Tilsette inkludert vaktmeister og reinhaldarar, har ikkje fått informasjon om – eller opplæring i - kva handlingsplikta betyr sjølv om alle har, eller kan ha, sitt virke på skulen når det er elevar til stades.

Fjaler kommune har som skuleeigar valt å utarbeide ein felles handlingsplan mot mobbing med tilhøyrande melde- og tiltaksskjema. Planen definerer omgrepet mobbing som at ein person gjentekne gonger over tid vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar. Handlingsplanens innhald (og tittel) er derfor innsnevrande i forhold til opplæringslova sitt fokus, og fører lett med seg ein grunnleggande misforstått praksis. Det er ikkje berre alvorlege, repeterande hendingar over tid som skal reagerast på med enkeltvedtak slik det blir praktisert ved Våge skule. Alle former for krenkjande ord og handlingar må takast på alvor og skal medføre reaksjonar frå skulen si side. Når ein *elev eller forelder* ber skulen om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet (munnleg eller skriftleg) så har skulen *vedtaksplikt* og eleven/foreldra *vedtaksrett*.

Tilsynet viser at både leiing og tilsette på Våge skule har for dårleg kjennskap til opplæringslova og ikkje innfrir informasjonsplikta til elevar og foreldre om rett og plikt til enkeltvedtak.

Skulen har ikkje etablert rutinar eller felles praksis blant personalet for når og korleis tilsette skal undersøke, gripe inn og varsle leiinga om krenkjande ord og handlingar, slik opplæringslova § 9a-3, andre ledd, pålegg skulen.

Når elev eller forelder ber om tiltak i forhold til det psykososiale miljøet resulterer ikkje dette alltid i enkeltvedtak. Fylkesmannen erfarer at det *kan* bli fatta enkeltvedtak på Våge skule dersom rektor vurderer hendinga som «mobbesak», forelder har forslag til løysing eller tiltak og

meldinga inkluderer ein eller fleire namngitte «mobberar». Tilsynet avdekker ein praksis der rektor sjølv vurderer om det er «behov for enkeltvedtak» og elles fyller ut kommunale skjema for melding om hendingar og tiltak. Dette er ulovleg praksis.

Fylkesmannen sin konklusjon

Fjaler kommune – Våge skule har ikkje dokumentert godt nok at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld skulen sitt individuelt retta arbeid.

3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneheld krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endeleg avgjerd blir tatt.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Å høyre til i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdier og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må realiserast kontinuerleg i kvardagen.

Det er "*skulen*" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og *reelt* høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3 i denne rapporten.

Dokumentasjon og vurdering

Har skulen rutinar for å involvere elevane i skulemiljøarbeidet?

Det kjem fram gjennom intervju at skulen ikkje har (skriftlege) rutinar for å involvere alle elevane i skulemiljøarbeidet.

Har skulen rutinar for å halde råd og utval orientert om forhold som er vesentlege for skulemiljøet?

Det er ikkje laga rutinar for kva saker som skal opp i elevråd, samarbeidsutval eller skulemiljøutval. Rektor kommenterer i intervju at «Vi presenterer alltid resultat frå Elevundersøkinga i råd og utval. Det er elles opp til råd og utval kva dei vil ta opp.»

Er det oppretta skulemiljøutval med lovleg samansetting?

Innsendt dokumentasjon frå rektor 16.03.2015 dokumenterer at det er oppretta lovpålagt skulemiljøutval (SMU) med rett samansetting.

Er det oppretta samarbeidsutval med lovleg samansetting?

Etter telefonsamtale med rektor 25.03.2015 går det fram at Våge skule har valt å la samarbeidsutvalet (SU) sjølv vere skulemiljøutval med tilleggsrepresentasjon, jf. opplæringslova §11-1a, andre ledd. Derfor er dei valte representantane til SU dei same som til SMU med unntak av ein elevrepresentant og ein foreldrerrepresentant i den innsendte dokumentasjonen.

Er det oppretta elevråd?

Det er oppretta elevråd ved Våge skule med representantar frå 5. til 10. trinn.

Er det oppretta foreldreråd?

Alle foreldre som har elevar på skulen er medlemmer av foreldrerådet. Ved Våge skule er ein representant frå kvar klasse valt til å vere arbeidsutval (FAU).

Vert det gjennomført jamlege møte i dei respektive brukarorgana?

Det er ikkje gjennomført møte i SU korkje inneverande eller førre skuleår. Rektor sin kommentar (i telefonsamtale med Fylkesmannen 25.03.2015) er at alle møtesaker har vore om skulemiljøet og derfor behandla i SMU. Etablert praksis på Våge skule er i strid med opplæringslova.

Fylkesmannen vil minne om at regelverket ikkje berre påbyr at begge utvala skal opprettas, men òg at utvala skal ha jamlege møte gjennom året slik at dei kan fylle oppgåvene sine. Når lova opnar for at samarbeidsutvalet også kan vere skulemiljøutval så betyr ikkje det at utvala blir fusjonerte. Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet skal uansett fungere som to sjølvstendige utval med ulike oppgåver (og representasjon). Formelt markerast dette best ved at skulen bruker separate møteinnkallingar og møtereferat.

Våge skule har dokumentert møta i skulemiljøutvalet inneverande og førre skuleår. Dette er til saman seks møter datert 05.12.2013, 14.01.2014, 03.03.2014, 29.04.2014, 19.01.2015, 24.03.2015.

Fylkesmannen har òg fått dokumentert referat frå fire møte i elevrådet inneverande skuleår; 14.10.2014, 31.10.2014, 15.12.2014 og 13.01.2015. Kontaktlærer for elevrådet har vore same lærar gjennom dei to siste skuleåra. I intervju kom det fram at «Vi har ikkje fast møteplan, men har truleg hatt møte ein gong i månaden.»

Vurdering

Samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betyding for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved skulen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betyding for skulemiljøet.

Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet er demokratisk og breitt samansett nettopp for å kunne ivareta interessene til heile skulesamfunnet.

Det er naturleg at skulemiljøutvalet er ein sentral aktør også i alle former for evaluering og vurdering av skulemiljøet på skulen.

Det er stadfesta gjennom tilsynet at Våge skule ikkje har utarbeidd skriftlege rutinar eller strategiar for å involvere alle elevane i skulemiljøarbeidet. Slik praksis bryt med opplæringslova.

Det kjem fram i intervju at elevane ikkje får opplæring i elevråds- eller utvalsarbeid og kontaktlærar for elevrådet har heller ikkje fått opplæring for å kunne fylle sin viktige rolle. Det er heller ikkje laga rutinar for kva saker som skal opp i elevråd, samarbeidsutval eller skulemiljøutval. Det er Fylkesmannen si vurdering at Våge skule har eit forbettringspotensiale på desse områda.

Fylkesmannen sin konklusjon

Fjaler kommune, Våge skule har ikkje gode nok rutinar og planar som sikrar brukarmedverknad i tråd med regelverket.

4. Førehandsvarsel om vedtak

Fylkesmannen har i kapittel 3 konstatert lovbrøt. I denne rapporten får Fjaler kommune frist til å rette lovbrøt, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 07.09.2015

Fjaler kommune må innan denne dato sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrota er retta. Dersom lovbrota ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløp av rettefristen i den endelege tilsynsrapporten:

Førebyggjande arbeid ved skulen, § 9-4, jf. 9a-3 første ledd

1. Fjaler kommune må sjå til at Våge skule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å forhindre at krenkjande åtferd oppstår. Fjaler kommune må i denne samanhengen sjå til at Våge skule:

- a) Utformer strategiar og konkrete rutinar for korleis skulen skal realisere lovkrava og eigne målsetingar for skulemiljøet
- b) Utarbeider rutinar for systematisk evaluering av arbeidet med skulemiljøet
- c) Konkretiserer ansvars- og oppgåvefordeling i det førebyggjande arbeidet
- d) Gjennomfører prosess med alle tilsette for å sikre ei felles forståing av krenkjande ord og handlingar

Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3, andre og tredje ledd

- 2. Fjaler kommune skal syte for at dei tilsette ved Våge skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap eller mistanke om. Fjaler kommune må i denne samanhengen sjå til at:
 - a) Våge skule informerer alle som har sitt virke på skulen om handlingsplikta og sikrar at alle forstår innhaldet og føringane for praksis
 - b) Våge skule implementerer forsvarlege rutinar og felles praksis blant personalet for når og korleis tilsette skal undersøke, gripe inn og varsle leiinga om krenkjande ord og handlingar
 - c) Våge skule informerer elevar og foreldre om lovfesta rett til enkeltvedtak når ein ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet
 - d) Våge skule fattar enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova når elevar eller foreldre ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet

Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11

- 3. Fjaler kommune skal sjå til at Våge skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Fjaler kommune må i denne samanhengen sjå til at Våge skule:

- a) utarbeider skriftlege rutinar eller strategiar for å involvere alle elevane i skulemiljøarbeidet
- b) gjennomfører jamlege møte i både samarbeidsutval og skulemiljøutval med separate saklister og referat
- c) Har rutinar for å halde samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet orienterte om forhold som er av vesentleg betydning for skulemiljøet

5. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapittel 4 ovanfor, har kommunen fått frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstatert i denne rapporten. Frist for tilbakemelding til Fylkesmannen er **07.09.2015**.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, den 7. mai 2015.

Frans Jacob Krebs
tilsynsleiar

Lill Mona Solberg
rådgjevar

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjuet
3. Rettslege krav

Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon

Vedlegg		Datert
1	Dokumentasjon i høve tilsyn med Fjaler kommune og Våge skule	23.02.2015
2	Eigenvurderingsskjema for leiinga ved Våge skule	
Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet KRYSS som er oppgjort i balanse mellom inntekter og utgifter etter inntektsføring/bruk av fond, kr 383 571,06, i samsvar med styrevedtak 12/2014. Rekneskapen er samansett av driftsrekneskap, balanse, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane	57 00 92 64
E-postadresse:	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08
revisor@stryn.kommune.no	SELJE		6740 Selje	97 99 04 26
	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måløy	57 84 50 29

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

samarbeidet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av samarbeidet sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til samarbeidet per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 27.2.2015



Markvard Sunde

Revisjonssjef



sekon sekreteriat

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
15/438-25/K1-210//AMY
15/5858

Dykkar ref.

Dato:
10.07.2015

Tertialrapport 2015

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Formannskapet tek 2. tertial til orientering
2. Følgjande budsjettjusteringar vert vedtekne:

Ansvar	Beløp
Ansvar 210 - Dingemoen teneste 22220	-137 500
Ansvar 210 - Dingemoen – Teneste 20100	700 000
Ansvar 350 -Flyktingtenesta tilskot	-150 000
Ansvar 100 -Rådmannen	1 000 000
Ansvar 900 -Bruk av disposisjonsfond	-1 412 500
Sum	0

3. Einingar som melder om avvik skal iverksetje tiltak for å nå budsjettbalanse ved årsslutt.

09.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-061/15 FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:

1. Formannskapet tek 2. tertial til orientering
2. Følgjande budsjettjusteringar vert vedtekne:

Ansvar	Beløp
--------	-------



FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Ansvar 210 - Dingemoen teneste 22220	-137 500
Ansvar 210 - Dingemoen – Teneste 20100	700 000
Ansvar 350 -Flyktningtenesta tilskot	-150 000
Ansvar 100 -Rådmannen	1 000 000
Ansvar 900 -Bruk av disposisjonsfond	-1 412 500
Sum	0

3. Einingar som melder om avvik skal iverksetje tiltak for å nå budsjettbalanse ved årsslutt.

22.06.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.


KOM-054/15 VEDTAK:

1. Formannskapet tek 2. tertial til orientering
2. Følgjande budsjettjusteringar vert vedtekne:

Ansvar	Beløp
Ansvar 210 - Dingemoen teneste 22220	-137 500
Ansvar 210 - Dingemoen – Teneste 20100	700 000
Ansvar 350 -Flyktningtenesta tilskot	-150 000
Ansvar 100 -Rådmannen	1 000 000
Ansvar 900 -Bruk av disposisjonsfond	-1 412 500
Sum	0

3. Einingar som melder om avvik skal iverksetje tiltak for å nå budsjettbalanse ved årsslutt.

Med helsing


Annikken Myklebust
rådgjevar økonomi

Direkte tlf: 57738053



Sekom Sekreteriat
Hafstadvegen 42
6800 FØRDE

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
15/499-3/K1-210//AMY
15/5501

Dykkar ref.

Dato:
26.06.2015

Dingemoen Idrettspark

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale:

1. Kontrollutvalet syner til merknad under konklusjon i revisjonsmeldinga om at det for rekneskapsåra 2013 og 2014 ikkje har vore inntektsført reklame- og sponsorinntekter. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få avklart kven som er eigar av reklame- og sponsorinntekter i høve driftsselskapet, eigar av hall og lag og organisasjonar.
2. Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen vert godkjend slik han ligg føre med merknad.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsrekneskapen 2014 for Dingemoen Idrettspark vert godkjend slik han ligg føre.

09.06.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-058/15 FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale:

1. Kontrollutvalet syner til merknad under konklusjon i revisjonsmeldinga om at det for rekneskapsåra 2013 og 2014 ikkje har vore inntektsført reklame- og sponsorinntekter. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få avklart kven som er eigar av reklame- og sponsorinntekter i høve driftsselskapet, eigar av hall og lag og organisasjonar.



FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

2. 2Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen vert godkjend slik han ligg føre med merknad.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsrekneskapen 2014 for Dingemoen Idrettspark vert godkjend slik han ligg føre.

22.06.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg med kontrollutvalet sin uttale vart samrøystes vedteke.

KOM-057/15 VEDTAK:

Årsrekneskapen 2014 for Dingemoen Idrettspark vert godkjend slik han ligg føre.

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale:

1. Kontrollutvalet syner til merknad under konklusjon i revisjonsmeldinga om at det for rekneskapsåra 2013 og 2014 ikkje har vore inntektsført reklame- og sponsorinntekter. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få avklart kven som er eigar av reklame- og sponsorinntekter i høve driftsselskapet, eigar av hall og lag og organisasjonar.
2. 2Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen vert godkjend slik han ligg føre med merknad.

Med helsing


Annikken Myklebust
rådgjevar økonomi

Direkte tlf: 57738053



Sekom sekretariat

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
15/242-23/K1-210//AMY
15/5781

Dykkar ref.

Dato:
07.07.2015

Årsmelding 2014 - Fjaler kommune

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmelding 2014 for Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre.

22.06.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-058/15 VEDTAK:

Årsmelding 2014 for Fjaler kommune vert godkjend slik den ligg føre.

Med helsing


Annikken Myklebust
rådgjevar økonomi

Direkte tlf: 57738053



Sekom sekretariat

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
14/1504-29/K1-210//AMY
15/5878

Dykkar ref.

Dato:
10.07.2015

Rekneskap 2014 - Melding om vedtak

Saka var handsama i formannskapet sitt møte den 9.6.15 og i kommunestyret sitt møte den 22.6.15. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

22.06.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg med kontrollutvalet sin uttale vart samrøystes vedteke.

KOM-059/15 VEDTAK:

1. Rekneskapen for Fjaler kommune vert godkjend slik han ligg føre.
2. Overskot i driftsrekneskapen vert disponert slik:

Kr 100 000,- vert sett av til Bundne driftsfond på helsestasjon
Kr 1 525 402,- vert sett av til Disposisjonsfond
3. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Disponibel investeringsråme vert overført til budsjett 2015.

Med helsing


Annikken Myklebust
rådgjevar økonomi

Direkte tlf: 57738053



Revisjon av handlingsplan mot krenkande åtferd i Fjalerskulen

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 069/15	Saksansvarleg MJH
Arkivsaknr 10/962	Sakshandsamar Marit Hammer	Arkiv K2-A20, K3-&34	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Handlingsplanen mot krenkande åtferd i Fjalerskulen vert vedtatt og vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

07.09.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådgjever skule og drift Marit Hammer var med under handsaming av saka.

KOM-069/15 VEDTAK:

Handlingsplanen mot krenkande åtferd i Fjalerskulen vert vedtatt og vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
50	X	14.08.2015		Handlingsplanen mot krenkande åtferd i Fjalerskulen

SAKSUTGREIING:

Fjalerskulen har hatt ein kommunalt vedtatt handlingsplanen mot mobbing sidan våren 2011. Planen vart handsama i alle skular og samarbeidsutval før den vart vedtatt i kommunestyret, og slik sett nøye handsama. Vi ser likevel no at denne planen bør famne om meir enn det som vert definert som mobbing, og at ein revisjon difor må til.

§ 9a-3 i opplæringslova seier at skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør. I denne samanhengen nemner ikkje lovteksten berre mobbing, men seier at «*Dersom nokon som er tilsett på skolen får kjennskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller*

handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.»

For at handlingsplanen skal dekke heile lovparagrafen, er handlingsplanen mot mobbing revidert og endra både med omsyn til innhald og tittel, og heiter no «Handlingsplan mot krenkande åtferd i Fjalerskulen». Ulike skjema som er vedlegg til planen er og reviderte og fornya til det betre.

Revisjonen av planen er gjort i samarbeid med alle skulane i kommunen.

Handlingsplan mot krenkande åtferd i Fjalerskulen

Mål for skulen sitt arbeid:

- Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososiale miljø, der den enkelte eleven kan oppleve trygghet og sosialt tilhør.
- Skulen arbeider systematisk med kommunikasjon, sosial kompetanse og andre tiltak for å betre skulemiljøet og førebygge krenkande åtferd, handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.
- Skulen har rutinar for å avdekke slik åtferd og rutinar for korleis vi tek i mot personar som melder frå om krenkande åtferd, handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.
- Dersom slik åtferd vert avdekka, skal rutinane i denne planen følgjast.
- **Faresignal/kjenneteikn på at elev vert utsett for krenkande åtferd, handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.**
- Aukande fråvere frå skulen/kroppssøvingstimar
- Vondt i magen/hovudet spesielt om morgonen, mange fråversmeldingar
- Få venner, går/står ofte åleine
- Engsteleg, sein til å forlate klasserommet i friminutta/vil ikkje ut/søkje kontakt med lærar
- Humørsvingingar/tar lett til tårene/aggressiv i konflikter
- Søkje yngre venner
- Ofte deprimert
- Plutseleg fagleg tilbakegang
- Øydelagde kle/ fysiske skadar
- Teikn på seksuell trakassering
- Vert brukt/narra til å gjere dumme ting

Førebyggjande tiltak:

I det følgjande vil uttrykket «krenkande åtferd» dekke uttrykka «krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.»

- Skulane har faste rutinar for overgangen barnehage – barneskule – ungdomsskule. Skulen vurderer samansetjing av klassar og grupper

ved oppstart på ungdomssteget etter dei opplysningane ein har fått frå barnesteget. Det blir tatt omsyn til om eleven tidlegare har vore utsett for krenkande åtferd.

- Ordensreglane til skulane uttrykker klart at krenkande åtferd ikkje vert akseptert.
- Personalet og leiinga ved skulane har drøfta seg fram til felles haldning overfor same type framferd.
- På alle trinn vert det gjennomført elev- og foreldresamtalar der trivsel er eit viktig tema. Skulane gjennomfører også "Elevinspektørane" frå 5.-10. trinn for å få kunnskap om elevane sin trivsel.
- For å førebygge krenkande åtferd er det nødvendig med god kommunikasjon og tillit mellom elevar føresette og dei som arbeider i skulen. I slike saker er det ikkje noko som heiter sladring.
- Skulehelsetenesta og skulane samarbeider om førebyggjande tiltak.
- Skulen skal legge til rette for varierte aktivitetar i friminutta slik at elevane har moglegheit til å velje aktivitet.
- Skulen må ha ekstra merksemd på dei skjerma områda av skuleområdet.
- Skulen si inspeksjonsordning må vere oppdatert og maksimal til ei kvar tid.
- Klassemiljøet skal drøftast og miljøfremmande tiltak skal gjennomførast i alle klassar jamleg.
- Det psykososiale miljøet skal vere eit tema i alle klassar kvart år. Klassane skal arbeide med haldingar mot krenkande åtferd – det er viktig å bry seg. Klasseregjar mot krenkande åtferd skal vere faste tema i klassemøta.
- Skulen gjennomfører miljøtiltak på tvers av trinna t.d. felles turar, prosjekt og liknande.
- Rask konflikthandtering
- Skulen skal ha særskild merksemd på jentemobbing som blikk, kroppsspråk og utestenging.
- Skulen skal nytte loggbok fast og planmessig.
- Kontaktlærar gjennomfører minimum to elevsamtaler i året.

- Foreldre/føresette vert oppfordra til å spørje elevane og melde frå om signal som kan tyde på at krenkande handling førekjem. Foreldre vert oppfordra til å vere særskild merksam på teikn på nettmobbing og mobiltelefonbruk.
- Elevmiljøet ved skulen skal vere faste samtaleemne på foreldrekonferansar. Det psykososiale miljøet ved skulen vert jamleg tatt opp på klasseforeldremøte, FAU og skulemiljøutval.
- Skulemiljøutvalet lagar og vedtar handlingsplan for det fysiske og psykososiale miljøet på skulen.
- Skulen gjennomgår og evaluerer skulen sin handlingsplan kvart år. Planen vert evaluert i elevråd, FAU og skulemiljøutvalet.

Rutinar for å ta mot melding om krenkande åtferd:

Handlingsplikta i høve det psykososiale miljøet

Tilsette som oppdagar krenkande åtferd (§ 9a-3, 2.ledd)

§9a-3, andre ledd: “Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.”

Fase 1 Mistanke eller kunnskap om krenkande ord eller handlingar:

- Tilsett ved skulen mistenkjer eller har kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar.

Fase 2 Handlingsplikta til skolen:

- Den tilsette undersøker saka.
- Den tilsette varslar kontaktlærar som melder frå til skuleleiinga.
- Den tilsette grip sjølv inn dersom det er nødvendig og mogleg.
- Den tilsette fyller ut skjemaet «*Skjema for meldingar i samband med uønskt åtferd § 9 a-3*» (vedlegg 2)
- Skuleleiinga avgjer kva som skal gjerast vidare i saka.
- Skuleleiinga informerer foreldra.

Fase 3 Gjennomførings- og evalueringsfasa:

- Tiltak for å betre det psykososiale miljøet til elevane blir sett i verk.
- Skulen evaluerer om tiltaka har fungert og behov for å setje inn fleire tiltak.

Det må vurderast konkret i den enkelte saka kva plikter som blir utløyste og i kva rekkjefølgje pliktene skal skje i.

Ved kontakt frå elevar og/eller foreldre om krenkande åtferd (§ 9a-3, 3.ledd)

«Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.»

Elev og/forelder får informasjon om å nytte skjemaet «*Skjema for klage – opplæringslova § 9a*»(vedlegg 3), men munnleg melding skal handsamast på same måte som skriftleg melding.

Alle slike kontaktar skal handsamast som enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova. *Bruk u.dir. sin mal for enkeltvedtak* (vedlegg 4).

Tiltaksplan ved mobbing tilsett – elev.

Ved melding om at tilsette har krenkande åtferd og/eller mobbar elevar, skal skulen følgje *Rutinar for å ta mot melding om krenkande åtferd*.

Rektor tar straks ein samtale med den tilsette for å kartlegge kva som har skjedd. Dersom saka vert definert som mobbesak er det grunnlag for personalsak.

Er saka ikkje definert som mobbesak, må skulen sørgje for at tillitstilhøvet mellom elev, føresette og tilsett vert gjenoppretta.

Det er viktig med informasjon til alle partar undervegs i sakshandsaminga.

Tiltaksplan ved krenkande åtferd elev-elev

Når det vert meldt frå om eller oppdaga eit overgrep, skal følgjande prosedyre følgjast:

1. Den som får melding om eller oppdagar overgrepet skal stoppe den aktuelle situasjonen.
1. Alle som oppdagar krenkande åtferd skal gripe inn og *melde frå til kontaktlærer som melder vidare til skuleleiinga*, og signalisere at dette ikkje vert godteke og at saka vert følgt opp.
Tilsette skal i slike høve nytte skjemaet «*Skjema for meldingar i samband med uønskt åtferd § 9 a-3*»(vedlegg 2)
2. Rektor har ansvar for korrekt sakshandsaming i høve lovverket.
3. Kontaktlærer har straks ein samtale med offeret. Andre tek over klassen. *Bruk vedlagt samtalskjema* (vedlegg 5)

- Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg (på samtaleskjemaet)
 - Gje støtte ved å seie at du veit om hendinga og at du vil hjelpe.
 - Informer om korleis skulen skal arbeide med saka.
 - Gje stabil oppfølging – avtal nytt møte.
4. Dei som har utført handlinga vert isolert. Samtalen gjennomførast med ein og ein. Bruk samtaleskjemaet.
- Beskriv hendinga, mål og tiltak skriftleg (på samtaleskjemaet
 - "Gå rett på" den som plaga og understrek alvoret i situasjonen.
 - Ikkje godta bortforklaringar – still spørsmål- "Kva kan du straks gjere for å få slutt på slik åtferd?"
 - Tilby samarbeid – bruk fantasien for å finne ut kva du kan få eleven med på.
 - Informer om korleis skulen skal arbeide med problemet framover.
 - Informer den som plagar om at han/ho har gjort noko ulovleg og kva sanksjonar skulen har.
 - Legg vekt på eleven sine positive sider, og gjer det klart det er handlinga som ikkje vert godteken.
 - Avtal dato for neste møte
5. Vurder om det skal haldast meklingsmøte. Bli eininge om tiltak og mål.
6. Kontakt føresette til både offer og plagarar.
7. Heile personalet vert informert og ekstra inspeksjon vert vurdert.
8. Samtaleskjema og ev. annan dokumentasjon vert arkivert i elevmappene.
10. Det er viktig med dokumenterte oppfølgingsmøte. Føresette skal haldast informerte undervegs.
11. Kontaktlærer og rektor vurderer om andre i hjelpetenesta skal involverast.

Tiltaksplan mot krenkande åtferd på skulebussen.

Alle sjåførar har same praksis når det vert oppdaga krenkande åtferd på bussen:

1. Viss sjåføren oppdagar krenkande åtferd går han/ho til den som plagar ved første stoppestad. Sjåføren seier kva han/ho har oppdaga. Plagaren flyttast framover i bussen slik at sjåføren kan følgje med vedkommande.
1. Eleven får beskjed om at plaginga vert rapportert til skulen v/ rektor.
3. Sjåføren gir munnleg eller skrifteleg melding til rektor.

Aktuelle sanksjonar:

- Mobbar sit på rektorkontoret i friminutta.
- Ekstra tilsyn i friminutta.
- Mobbar må gå saman med lærar som har inspeksjon i friminutta.
- Tap av friminutt
- Mobbar må komme/gå – før/etter skuletid.
- Følgje til/frå skulen.
- Utføre ulike arbeidsoppgåver
- Mobbar vert utvist frå skulen
- Mobbar må bytte skule

Vedlegg:

1)

Definisjon av omgrepet mobbing:

Ein person vert mobba når han eller ho gjentekne gonger over tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar. Det er ei negativ eller aggressiv handling når nokon med vilje påfører ein annan person fysisk eller psykisk skade/smerte ved fysisk kontakt, skriftleg/ munnleg ordbruk, blikk eller kroppsspråk.

For å kunne bruke omgrepet mobbing skal det vere ein viss ubalanse i makt- og styrketilhøvet; den som vert utsett for negative handlingar har vanskeleg for å forsvare seg og er noko hjelpelaus i høve den eller dei som plagar.

Mobbing kan delast inn i to kategoriar, aktiv mobbing ved fysisk angrep, verbalt eller nonverbalt angrep og passiv mobbing ved utestenging.

2)

Skjema for meldingar i samband med uønskt åtferd - § 9 A-3

Opplæringslova § 9 A-3, andre ledd

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

MELDING TIL KONTAKTLÆRAR

Eleven sitt namn: Klasse:

Tidspunkt: Kor skjedde handlinga?:

.....

Kort skildring av kva som har skjedd:

.....

.....

.....

Kva har du gjort ? Kven har du informert ?

.....

.....

.....

Dato:

Underskrift meldar:

3)

..... **SKULE**

SKJEMA FOR KLAGE – OPPLÆRINGSLOVA § 9A

Elevar eller føresette som ber om tiltak etter Opplæringslova § 9a skal fylle ut dette skjemaet og levere det til skulen. Dette omfattar det fysiske miljøet eller det psykososiale miljøet (krenkjande ord, handlingar, mobbing, diskriminering, vald eller rasisme).

Dette skjemaet er til bruk dersom du ynskjer å gå vidare med saka etter å ha vore i kontakt med ein representant frå skulen (lærar/ andre tilsette) og/ eller skuleleiinga om tilhøve nemnt ovanfor.

Dato:	Namn på elev:		
	Trinn:		
Klaga gjeld:			
Fysisk miljø:	Mobbing:	Diskriminering:	Vald:
Rasisme:	Anna:		
Nærmare skildring – Forklar kva som har skjedd, kven som er involvert og eventuelle tidlegare episodar/ hendingar, kven som er involvert og korleis saka blei følgt opp frå skulen.			

Underskrift
Elev/ føresette

For utfylling av skulen

Oppfølgingstiltak	
Namn på oppfølgingsansvarleg:	
Evaluerings:	
Dato:	
Underskrift:	Leiar
Oppfølgingsansvarleg	

4)

Mal for enkeltvedtak etter opplæringslova § 9a-3

Enkeltvedtak om elev *NN* sitt psykososiale miljø *Namn og fødselsår til eleven*

Eg viser til møtet / brevet ditt / oppmodinga frå ... (*dato*), der det kom fram at

Vedtak

Her må du skrive om retten er oppfylt, tiltak, tidslengd, ansvarleg og evaluering. I tillegg bør du seie noko om dialogen med foreldra.

Retten: *Du må eksplisitt ta stilling til om retten til eit godt psykososialt miljø, som fremjar helse, trivsel og læring, er oppfylt for denne eleven eller ikkje.*

Dersom du kjem til at retten er broten:

Tiltak: *Du må gjere greie for dei tiltaka som du bestemmer skal setjast inn for å oppfylle retten til eit godt psykososialt miljø, eller kvifor du ikkje set inn tiltak.*

Tidslengd: *Du må opplyse om kor lenge enkeltvedtaket skal gjelde.*

Ansvarleg for oppfølginga: *Du må opplyse om kven som er ansvarleg for å følgje opp enkeltvedtaket.*

Evaluerings: *Du må seie noko om når og korleis tiltaka skal evaluerast; om dei verkar eller ikkje.*

Kontakt med foreldra: *Du bør gjere greie for korleis skolen vil leggje til rette for ein fortløpande dialog med foreldra om korleis eleven sin skolesituasjon utviklar seg, og om korleis tiltaka verkar.*

Rettsleg grunnlag for vedtaket

Vi foreslår at du gjer greie for det rettslege grunnlaget slik:

I opplæringslova § 9a-1 står det:

"Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring."

Opplæringslova § 9a-3 tredje ledd slår fast:

"Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak."

Bakgrunn for saka

Her skriv du inn kva som er fakta i saka. Bakgrunnen kan til dømes vere

- *oppmoding om tiltak frå foreldra*
- *hendingar på skolen eller skolevegen*

- undersøkingar skolen har gjennomført, blant anna ytringar frå eleven. Dersom eleven har valt å uttale seg skriftleg, munnleg eller gjennom andre, må dette komme fram.
- tiltak som skolen eventuelt allereie har sett i verk

Grunngiving

Du må vurdere om tiltaka du ønskjer å setje inn, er til elevens beste, og få fram at elevens beste er vurdert. Du må grunngi kvifor skolen set inn tiltaka, og kvifor akkurat desse tiltaka er valde. Tiltaka som blir sette inn, skal vere eigna til å fjerne eller redusere årsaka til at elevens rett ikkje er oppfylt. Dersom du vel å ikkje setje inn tiltak, må du grunngi kvifor. Dersom du vel andre tiltak enn dei foreldra ber om, må du grunngi kvifor.

Høve til å klage

Vi foreslår at du gjer greie for høve til å klage slik:

Du kan klage på dette vedtaket. Dersom du vil klage, er fristen til vanleg tre veker frå du har fått vedtaket. Dersom du vil klage på at tiltaka i skolens vedtak ikkje blir gjennomførde, eller at tiltaka ikkje fungerer, er det ingen klagefrist.

Klagen må vere skriftleg, og du bør seie kva du vil ha endra og grunngi kvifor. Du sender klagen til skolen ved rektor, med kopi til Fylkesmannen i fylket ditt. Dersom skolen ikkje er einig i klagen din, sender vi klagen til Fylkesmannen i fylket ditt, som er endeleg klageinstans.

Du har, med nokre unntak, rett til å sjå dokumenta i saka. Dersom du allereie har fått alle dokumenta i saka, skal skolen opplyse om det. Du kan la ein advokat eller ein annan fullmektig hjelpe til og representere deg på alle trinn i saka. Ein annan fullmektig kan vere ein kven som helst myndig person eller ein organisasjon. Dette er eit enkeltvedtak. Det inneber at reglane i forvaltningslova gjeld. Moglegheita til å klage og fristen for å klage er regulert i §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Reglane om å sjå dokumenta i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 til 19. Forvaltningslova § 12 seier at du kan bruke ein fullmektig.

Helsing

Rektor (signatur)

5)

	Samtaleskjema	Skule:	
Namn (elev):		Dato:	
Mål / tiltak frå siste samtale:			
	Mål	Eleven si vurdering	Lærar si vurdering
1		0 10	0 10
2		0 10	0 10
3		0 10	0 10
4		0 10	0 10
Dette har vi snakka om:			
Mål og tiltak til neste samtale:			
Neste samtale skal finne stad:			
Underskrift:	Føresett:	Kontaktlærer:	
Elev:			

 FJALER KOMMUNE Prosedyre		Avdeling: Rådmannen v/skulefagleg ansvarleg Utgjeve av: Marit Hammer	
§ 9a-3 Det psykososiale miljøet		Utgjeve: 10.11.10	Gjeld frå: 01.01.11
Mål: Sikre trygg sakshandsaming i høve krava i § 9a-3 i opplæringslova og reglane i forvaltningslova.			
Ansvarleg for oppfølging: Skulefagleg ansvarleg, rektorane i grunnskulen og tilsette ved skulane.			
Prosedyre	Tekst/aktivitet	Ansvar	Lov/forskrift
1. Saksgang	I høve forvaltningslova skal følgjande §§ spesielt ivaretakast: §11: Rettleiingsplikt §11a: Sakshandsamingstid, førebels svar §12: Rett til advokat eller annan fullmektig §13: Teieplikt m/ avgrensingar i §§13a og13b §§ 23-24-25-27: Om vedtaket §§ 28-29-30-31-32-33-34-35: Om klage og omgjerjing	Rektor	Forvaltningslova
2. Journal/ elevmappe	Bruk/skriv eventuelt vedtak i websak	Rektor	Arkivlova
3. Skjema	Bruke utarbeidd skjema	Rektor	
4. Handsaming	Sørviserklæringa i kommunen har som målsetjing at saker som krev skriftleg svar skal svarast på snarast og innan 14. dagar. Ved tilbakemelding til parten/ane skal det følgje med ei orientering om at vedtaket er gjort i tråd med forvaltningslova, samt frist for eventuell klage og kven som er klageinstans.	Rektor	Sørviserklæringa til kommunen og forvaltningslova
5. Informasjon til leiar	Rektor sender kopi av enkeltvedtak til skulefagleg ansvarleg	Rektor	

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 29.09.2015	Saksnr 027/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/221
---	-------------------------	-------------------------------

Revisjonsrapport - Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.09.2015	Revisjonsrapport datert 21.9.2015 frå KRYSS Revisjon: Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi as og Vevang	3310
22.09.2015	Fjaler kommune - eigarpolitikk som eigar i selskap	3311

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek revisjonsrapport datert 21.9.2015 frå KRYSS Revisjon – Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi as og Vegang Produksjon as, til orientering.

Kontrollutvalet ber rådmannen om å informere på neste møte i kontrollutvalet om korleis dei føl opp Fjaler kommune sin Eigarpolitikk som eigar i selskap.

.

Saksutgreiing:

Fjaler kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 004/15 Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt, i møte 12.1.2015:

Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon.

Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet.

Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap.

Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte.

I sak 013/15 Val og tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt, handsama i kontrollutvalet 12.2.2015, vart det gjort slikt vedtak:

Fjaler kontrollutval vel ut Sunnfjord Energi AS og Vevang Produksjon AS, ved gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som ein revisjonsrapport frå KRYSS Revisjon.

Revisor for fullmakt til å velje ut fleire selskap. Undersøkinga gjeld perioden 2013-2014.

Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet.

Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap.

Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte.

Fjaler kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 021/15 Prosjektplan – Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi AS og Vevang Produksjon AS, handsama i møte 8.5.2015:

Kontrollutvalet ynskjer at prosjekttittelen vert Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune, prosjektplanen datert 28.4.2015 vert elles godkjent. Frist for levering av rapport er 1. september 2015.

KRYSS Revisjon v/revisjonssjef forvaltning Charles Litsheim leverte rapporten

Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi as og Vevang Produksjon as, 21.9.2015.

Revisor kjem med følgjande tilråding på side 7 i rapporten:

Vi rår kommunen til å vurdere om punkt og avsnitt i dokumentet «Eigarpolitikk som eigar i selskap» som viser til styret sitt ansvar og arbeid, bør omformulerast. Syner her til punkt 3.1 og 3.2.

SEKOM-sekretariat vil tilrå at kontrollutvalet tek revisjonsrapporten til orientering, og at rådmannen vert kalla inn på neste møte i kontrollutvalet for å orientere om kva Fjaler kommune gjer for å følgje opp dei valde representantane, og korleis informasjonsflyten er mellom administrasjon og politisk nivå.

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 21/9-15

Sak nr. 025/15

Arkiv: 216

Avd.kode:

Sakshandsamar *B. A. R. R.*

Off:

Reg.nr.:

REVISJONSPROSJEKT

”Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord
Energi as og Vevang Produksjon as”

Endeleg rapport levert den: 21.09.2015

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	Definisjonar og forkortingar:	3
1.2	Tingingsvedtaket	3
1.2.1	Problemstillingar og avgrensingar av prosjektet	3
1.2.2	Kriterier i kontrollen	4
2	METODE	4
3	FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	4
3.1	Fakta	4
3.1.1	Har formannsskapet instruert eigarrepresentantane i einskildsaker i 2013 - 2014	4
3.1.2	Har eigarrepresentantane har fått politiske avklaringar i forkant av møte i selskapa	4
3.1.3	Har eigarrepresentantar har meldt inn saker eller emne før eit møte i formannskapet for å få deira råd eller syn på ei sak i selskapet.	5
3.1.4	Har eigarrepresentantar har meldt inn spørsmål til rådmannen for oppklaring og fått svar på kommunen sitt syn.	5
3.1.5	Har det vorte lagt fram årleg sak til kommunestyret med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresser i	5
3.1.6	Kommunestyresaka om eigarskapspolitikk for Fjaler kommune i 2012	5
3.2	Vurderingar	6
4	Vedlegg til rapporten	8

1 INNLEIING

Denne rapporten har bakgrunn i kontrollutvalet i Fjaler sitt vedtak i sak 004/1, seinare ytterlegare konkretisert gjennom vedtaket i sak 013/15. Vedtaket seier at vi skal undersøke i kva grad utvalde punkt i eigarskapsdokumentet «Eigarpolitikk som eigar i selskap» vert utført. Vedtaket spesifiserar at vi skal kontrollere selskapa Sunnfjord Energi as og Vevang Produksjon as. Revisor vert samstundes gjeve fullmakt til å velje ut fleire selskap.

Oppdraget er i sin ordlyd ein tilpassa eigarskapskontroll¹ som igjen er ein av to former for utføring av selskapskontroll. Den andre forma for selskapskontroll er tradisjonell forvaltningsrevisjon etter RSK 0012.

I kontrollperioden 2013 – 2014 var eigarrepresentanten frå Fjaler kommune i Sunnfjord Energi ordførar Arve Helle. I kontrollperioden var formannskapet i Fjaler kommune generalforsamlinga i Vevang Produksjon as. Vevang Produksjon as er eit heileigd kommunalt aksjeselskap.

1.1 Definisjonar og forkortingar:

- ❖ SE tyder Sunnfjord Energi
- ❖ VP tyder Vevang Produksjon
- ❖ Eigarrepresentant: Den person/organ valt av kommunestyret til å representere Fjaler kommune som eigar i generalforsamlinga.

1.2 Tingingsvedtaket

1.2.1 Problemstillingar og avgrensingar av prosjektet

Problemstillinga for prosjektet er gjeve i tinginga:

- Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommune si interesse i selskapet Sunnfjord Energi as og Vevang Produksjon as ?
- Tinginga spesifiserer at kontrollen skal gjerast mot selskapa Sunnfjord Energi as og Vevang Produksjon as, men at det ikkje er til hinder for at revisor kan velje å kontrollere fleire selskap.
- Tidsavgrensing: Kontrollen skal omfatte perioden 2013 – 2014.

¹ Selskapskontroll er heimla i kommunelova (koml.) § 77 nr. 5 og elles nærare omtala i forskrift om kontrollutval kap. 6 (§§ 13 – 15).

² RSK 001 er standard for forvaltningsrevisjon og følger av lov om kommuner og fylkeskommuner kapittel 12, forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Standarden seier kva som er god kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon, og består av grunnleggande prinsipp og revisjonshandlingar i forvaltningsrevisjon. RSK 001 vart fastsett av NKRFs styre 1. februar 2011 og gjort gjeldande som god kommunal revisjonsskikk for forvaltningsrevisjonsprosjekt med oppstart etter same dato.

Kontrollutvalet har i tingingsvedtaket i sak 013/15 gjeve premissane for kva problemstillinga skal vurderast mot i og med at vi skal nytte punkt 3 i «Eigarpolitikk som eigar i selskap» som referanse i kontrollen.

I punkt 3 med overskrifta «Arbeidsforma for politisk og administrativ utøving av eigarrolla» har vi såleis valt å kontrollere om:

- Formannskapet har instruert eigarrepresentantane i einskildsaker i 2013 -2014.
- Eigarrepresentantane har fått politiske avklaringar i forkant av møte i selskapa.
- Eigarrepresentantar har meldt inn saker eller emne før eit møte i formannskapet for å få deira råd eller syn på ei sak i selskapet.
- Eigarrepresentantar har meldt inn spørsmål til rådmannen for oppklaring og fått svar på kommunen sitt syn.
- Det har vorte lagt fram årleg sak til kommunestyret med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresser i.

2 METODE

Vi har nytta dokumentanalyse, og innhenta dokumentasjon i form av e-post til rådmannen.

3 FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

3.1 Fakta

3.1.1 *Har formannskapet instruert eigarrepresentantane i einskildsaker i 2013 - 2014*

I punkt 3 i «Eigarpolitikk som eigar i selskap»³ står det i punkt 3.1 c at formannskapet kan instruere eigarrepresentanten i saker av prinsipiell og stor tyding.

Vi har tatt utgangspunkt i dette punktet og bad i ein e-post til rådmannen om svar på om slik instruksjon har funne stad i åra 2013 – 2014.

I svaret går det fram at eigarrepresentanten til generalforsamlinga i SE, som i kontrollperioden er ordførar , tok opp og drøfta moglege kandidatar til styret for SE med formannskapet. Tilsvarende sondering vart tatt opp av eigarrepresentanten til Sunnfjord Energi as når det gjaldt om rådmannen skulle få i oppgåve å sjekke marknaden for å få ei avklaring på verdien på Fjaler kommune sin aksjeportefølje i SE.

Vidare skriv rådmannen i sitt svar at rådmannen og eller ordførar (som er eigarrepresentant i SE) deltek på eigarmøta og har mellom anna dialog med Fjaler kommune sin styremedlem og leinga av selskapet om det er behov for det.

3.1.2 *Har eigarrepresentantane har fått politiske avklaringar i forkant av møte i selskapa*

Slik vi har oppfatta tilbakemeldinga frå kommunen har det ikkje vore eksplisitte politiske avklaringar i forkant av generalforsamlingar i dei to selskapa. Men her er det klart at prosessane som har vore i

³ Dokumentet Eigarpolitikk som eigar i selskap vert sendt ut av SEKOM i lag med saksutgreiinga.

forkant av vedtaket i desember 2014, der rådmannen fekk i oppgåve å avklare verdien på Fjaler kommune sine aksjar i SE, nok kan sjåast på i lys av punkt 3.2 i eigarskapspolitikkdokumentet. Rådmannen sin rapport til kommunestyret vil ha tyding for eigarskapsrepresentanten sitt mandat i forhold til eventuelt nedsal av aksjar i SE.

3.1.3 Har eigarrepresentantar har meldt inn saker eller emne før eit møte i formannskapet for å få deira råd eller syn på ei sak i selskapet.

Det har ikkje i 2013 -2014 vorte meldt inn saker frå eigarrepresentantane til formannskapet for politisk avklaring. Når det gjeld Vevang Produksjon as er det logisk, i og med at formannskapet også er eigarrepresentant og generalforsamling. Dei vedtak som vert gjort av generalforsamlinga i Vevang Produksjon as, speglar såleis samstundes fleirtalskonstellasjonen i kommunestyret sin vilje. I dette selskapet har kommunestyret full kontroll, noko som inkluderar val av representant til styret i VP as. I og med at ordførar har vore eigarrepresentant i SE as, har sjølvstøtt tematikk som gjeld eigarskapen vore gjenstand for diskusjonar både i og utanfor kommunestyremøter utan at det har vorte meldt inn formell sak til kommunestyret etter punkt 3.2. Syner elles her til vårt punkt 4.1.1 og dei prosessar og handlingar som vart gjort i samband med verdivurdering av eigarporteføljen i SE.

3.1.4 Har eigarrepresentantar har meldt inn spørsmål til rådmannen for oppklaring og fått svar på kommunen sitt syn.

Vi syner her til vår utgreiing under punkt 4.1.1. Rådmannen har ikkje hatt andre saker enn verdivurderinga av porteføljen i SE i 2013 – 2014 til handsaming som gjeld kommunalt eigarskap.

3.1.5 Har det vorte lagt fram årleg sak til kommunestyret med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresser i

I eigarskapsdokumentet «Eigarpolitikk mm» står det under punkt 2.2 andre avsnitt med overskrifta «**Utarbeiding av eigarskapsmeldingar**» dette: *Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler har eigarinteresse i.*

I same dokument punkt 3.3 med overskrift «**Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune**» står det: «*Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresse i.*»

I svaret frå kommunen på vårt spørsmål om det har vorte lagt fram slik sak, får vi stadfesta at det har vorte lagt fram i 2010 og i 2012. Arbeidet med å lage slik melding er i gang for 2015. Rådmannen sin plan er å ta det arbeidet og den saka som ein del av folkevaldopplæringa i Fjaler kommune. Det har følgeleg ikkje vorte lagt fram eigarmeldingssak som skissert i punkt 3.3 i eigarpolitikkdokumentet i 2013 og 2014.

Verdt å merke seg i den anledning er ordlyden i punkt 2.2 og 3.3. Det står der at det bør leggjast fram sak. Det står ikkje at det skal leggjast fram sak. Ordlyden i eigarpolitikkdokumentet inneber såleis ikkje eit ufråvikeleg krav om slik sak til kommunestyret.

3.1.6 Kommunestyresaka om eigarskapspolitikk for Fjaler kommune i 2012

I kommunestyresak 111/12⁴ handsama kommunestyret saka «Eigarskapspolitikk 2012». Vedtaket vart at vurderinga av framleis eigarskap i selskapa som kommunen er medeigar i vart vedteke.

⁴ Saka med vedlegg ligg med som vedlegg til rapporten her

I høve punkt 3.3 i dokumentet «Eigarskapspolitikk mm» har vi undersøkt kva som har vorte lagt fram for kommunestyret av vedlegg og kva vurderingar som har vorte gjort i høve eigarskap i dei forskjellige selskapa⁵.

I rådmannen sitt framlegg til vedtak ligg det med ein oversikt over kva selskap kommunen har eigarinteresser i. For kvar av desse selskapa er det trykt vedlegg med omtale av selskapet. I omtalen er skildra: Fjaler kommune sin eigardel, kven som er i styret, styregodtgjersle, revisor, føremålet med selskapet, viktige hendingar i selskapet siste år, oversyn over økonomisk utvikling med vurdering, aktuelle planar og utsikter vidare, mål for kommunen sin eigarskap i selskapet, om kommunen sin eigarskap er føremålstenleg og til slutt ei tilråding om kommunen bør vidareføre eigarskapen eller ei.

I saksutgreiinga frå rådmannen til kommunestyret vert det synt til eigarpolitikkdokumentet og kva krav kommunestyret der har stilt til det å vere kommunal eigar. Saksutgreiinga frå rådmannen syner også til kva kjelder han har nytta i sin vurdering av kvar einskild selskap. Rådmannen kjem til slutt i si saksutgreiing med sin vurdering av kva han meiner er viktig å halde fokus på i høve eigarskapen og føremåla til dei forskjellige selskapa. Mellom anna er det etter rådmannen sin vurdering viktig å fokusere på avkastning og strategisk arbeid i dei største marknadseksponte selskapa. Rådmannen skriv at det bør stillast same krav til avkastning på kommunalt investert kapital som det private eigarar vil gjere.

3.2 Vurderingar

I høve dokumentet «Eigarpolitikk som eigar i selskap» punkt 3.1 til 3.3 kan det stillast spørsmål til kvifor ikkje eigarskapsmeldingssak har vore til formell handsaming i kommunestyret i 2013 og 2014. Men vi vil ikkje konkludere med at dette er eit direkte brot på punkt 3.3 fordi ordlyden «bør» i dokumentet signaliserer rom for skjøn med omsyn til kor ofte slik melding skal leggjast fram. Vi konstaterar at ordlyden i punkt 2.2 med overskrifta «Utarbeiding av eigarskapsmeldingar» og punkt 3.3 med overskrifta «Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune» er nærast identisk. Vi er usikre på om det er nokon forskjell i forståinga av desse punkta, og meiner ein bør vurdere om det er naudsynt å ha same budskap på to stader i same dokument.

Vi er elles samd med rådmannen når han skriv i si attendemelding til oss at punkt 3.1 og 3.2 bør omformulerast. Slik dei er formulert kan dei oppfattast som pålegg til representantar til styra i selskapa. Reint formelt styrer eigarane i representantskapet og generalforsamlinga. Styra i desse selskapa vert vald av generalforsamlinga/representantskapen, og dei er formelt underlagt og svarar kun til generalforsamling/representantskap. Det er såleis slik vi ser det viktig at punkta i eit eigarskapsdokument viser til kva som er formelt god eigarstyring i selskapet sitt øvste organ. Det kan etter vår oppfatning oppfattast som uklårt om ein har visningar og punkt i eit eigardokument til aktivitetar i selskapet sitt styre.

⁵ Selskap vert her nytta som fellesnemning på dei forskjellige organisasjonsformene Fjaler kommune har eigarinteresser i. Døme: AS, IKS, interkommunalt samarbeid etter kl § 27 og foreining.

Tilråding:

Vi rår kommunen til å vurdere om punkt og avsnitt i dokumentet «Eigarpolitikk som eigar i selskap» som viser til styret sitt ansvar og arbeid, bør omformulerast. Syner her til punkt 3.1 og 3.2.

Denne rapporten er utarbeidd av Charles Litsheim, revisjonssjef forvaltning i Kryss Revisjon

Førde, den 21.09.2015


(underskrift)

4 VEDLEGG TIL RAPPORTEN

FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kryss revisjon
Hafstadvegen 21
6802 FØRDE

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
12/990-24/K1-026//OLH
12/10284

Dyktar ref.

Dato:
31.12.2012

Eigarskapspolitikk 2012

Saka var handsama i kommunestyremøte den 17.12.12, sak 111/12 og det var gjort slikt samrøystes vedtak:

17.12.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i motet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-111/12 VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055

Eigarskapspolitikk for Fjaler kommune 2012

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Motedato	Saksnr	Saksansvarleg
Kommunestyret	17.12.2012	111/12	OLH
Arkivsaknr	Sakshandsamar	Arkiv	
12/990	Ola Hovland	K1-026	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

17.12.2012 KOMMUNESTYRET

Handsaming i motet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-111/12 VEDTAK:

Vurdering av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i blir vedteke.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Titel
8	X	31.10.2012		Sunnlab AS - 2012
2	X	31.10.2012		Dale Utleigebygg AS - 2012
9	X	14.11.2012		Finda produkt AS - 2012
13	X	14.11.2012		Sunnfjord Miljøverk (SUM) IKS 2012
17	X	14.11.2012		SYS IKT, §27 - 2012
16	X	14.11.2012		SEKOM sekretariat §27 - 2012
15	X	14.11.2012		Kommunerevisjon Ytre Soga og Sunnfjord (KRYSS revisjon) §27 - 2012
12	X	15.11.2012		Transplant Eigedom AS - 2012
18	X	15.11.2012		Fjaler Næringsutvikling (FNU) medlemsorganisasjon - 2012
6	X	15.11.2012		Lutelandet Utvikling AS - 2012
4	X	15.11.2012		Alarmsentralen IKS - 2012
3	X	15.11.2012		Vevang Produksjon AS - 2012
10	X	27.11.2012		Haugland Internasjonale FOU senter AS - 2012
14	X	27.11.2012		Sunnfjord og Ytre Soga interkommunale legevaktsamarbeid IKS - 2012
20	X	28.11.2012		Alden hamncområde §27

5	X	04.12.2012	Sunnfjord Energi AS - 2012
7	X	06.12.2012	Firda Billag AS - 2012
11	X	06.12.2012	Eigarskapspolitikk som eigar i selskap - 2012
19	X	06.12.2012	Dingemoen idrettspark , forening - 2012
23	X	06.12.2012	Visit Fjordkysten AS - 2012
22	X	06.12.2012	Foreningen Vest Norges Brusselkontor - 2012
1	X	06.12.2012	Oversikt over verksemdar - eigardel og verv

Ikkje trykte vedlegg i saka

SAKSUTGREIING:

Første eigarskapsmelding for Fjaler kommune vart vedteken av kommunestyre 8.11.10.

I høve førre melding er det komt til 4 nye selskap; Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy Flora AS, Alden hamneområde og Foreningen Vest Norges Brusselkontor.

Kystvegen er eit nystarta selskap og her er ikkje eigarskap vurdert i denne meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for motiv og mål for offentlig eigarskap, krav retta mot eigar, kva krav ein stiller til selskapet og kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av å halde fram med eigarskapen. I trykte vedlegg til saka vil ein finne ei vurdering av kvart enkelt selskap som Fjaler kommune er medeigar i.

I all hovudsak er årsmeldingar og rapportar brukt til å samanfatta faktaopplysningar på kvart selskap, jf pkt 2.2 i del 1. Rapportering av styresamansetning er i stor grad knytta til kven som sat i styre i 2011. I nokre selskap er det oppdatert med gjeldande styre.

Eigarskapspolitikk og vurderingar av selskap er i denne omgang gjort for Fjaler, men det vil vere naturleg for framtida å samarbeide med nabokommunane både med omsyn til eigarskapspolitikk og vurdering av selskap som ein eig i fellesskap. På den måte vil ein i større grad kunne optimalisere arbeidet (fordele selskapa) og følgje det enkelte selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene for eigarnøta.

Viser elles til folkevaldopplæringa og gjennomgang av eigarskapspolitikk.

VURDERING:

I og med at selskapa sine formål, storleik og status er ulike, er det ikkje gjort noko samla vurdering utover følgjande kommentarar:

For dei største aksjeselskapa er det viktig å fokusere på selskapa sine evne til å jobbe strategisk og ha fokus på avkastning.

I selskap med næringsdrift bør det stillast same krav til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere, jf. , jf. pkt 3h i eigarpolitikken. I desse selskapa er det og viktig å gjere særskilt grundige vurderingar i samsvar med pkt 4 i eigarpolitikken.

Kommunale samarbeid og selskap er det viktig å fokusere på kvalitet og effektivitet. Generelt er det viktig at alle er merksam på reglar for kjønnsrepresentasjon og habilitet.

OMTALE AV SELSKAP SOM KOMMUNEN HAR EIGARSKAP I OG EI VURDERING AV FORTSATT EIGARSKAP

Selskap: Sunnfjord Energi AS – 1914

www.sunnfjordenergi.no

Fjaler sin eigardel	10,82% (32783 aksjar a kr. 660 = kr. 21.640.740) 7 kommunar (Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund samt BKK
Styre	Harry Mowatt (leiar), Atle Neteland (nestleiar), Arild Horsevik, Aud Marit Hage, Stein Valvik, Arild Horsevik, Mass Kjell Myklebust, Siv Karin Hestad, Nils Gjerland, (frå 1.1.12)
Styregodtgjersle mv.	(Generalforsamling 24.4.12) Styrelleiar – kr. 67.000,- Nestleiar – 32.300,- Styremedlem – 26.600 Varamedlem får fast godtgjersle med kr. 2.900,- og kr. 1.800,- pr møtedag. I tillegg vert dekket legitimert tappt arbeidsforteneste med inntil kr. 2.200 pr. møte, og legitimert tappt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande med kr. 1.800,-
Revisor	Deloitte AS
Formål, marknad, kunder, aktivitet mv.	Syte for lønnsam produksjon, overføring og omsetnad av miljøvenleg energi, og skap ny aktivitet innan område som kan ha tilknytning til kjerneaktivitetane og der ein kan utnytte selskapet sine fortrinn. Produksjon og omsetnad av fornybar energi (599 GWh), utbygging og drift av om lag 2700 km linjenett, småkraftverk, breiband, fiber, alarm, varmpumpe og anna entreprenørverksemd, vindkraft.
Viktige hendingar 2011	Kjosnesfjorden kraftverk har hatt sit første driftsår. Svakare måloppnåing og resultat i 2011 - lågare straumprisar, «Dagmar», skatt Kjosnesfjorden. Det er gitt konsesjon til Vindparken på Lutelandet. Førebuingar for å søke konsesjon om utviding av Stakaldefossen oppover og nedover Jølstra held fram. Nådd mål om å forsterking av nettet for å kunne ta inn planlagt småkraftutbygging og betre leveringstryggleiken i konsesjonsområdet. 1500 bueningar har fått installert fiber.

Økonomisk utvikling (konsern)

(kr. 1000,-)	2011	2010	2009
Sum inntekt	410 207	492 614	327 866
Resultat etter skatt	29 556 (27,6%)	69 110 (31,5%)	54 925 (16,5%)
Totalkapitalrentabilitet	6,5%	8,8%	5%
Gjeldsgrad	2,3	2,3	2,3
Likviditetsgrad	1	0,9	1,4
Eigenkapitalprosent	30,1%	30,8%	30%

Resultat, soliditet er god men svekka i 2011. Likviditeten og avkastning er tilfredsstillande. I og med at kommunane i si drift er avhengig av utbytte frå selskapet vil fokus på avkastning, mål og strategi vere viktig framover. Bør vere mellom 10-15% for å bli karakterisert som god.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
Førnye eksisterande nett og kople seg på den nye 420kV linja gjennom fylket, forsterke forsyninga til Førde, ta i mot krafta frå planlagde småkraftverk og for tilpassing til utbygging av vindkraft på kysten. Førnying av konsesjonsvilkår i Øvre Svultingen – betre utnytting av magasinet. Utviding av – utnytting av falle i Jølstra (ref. ovanfor), Vidareføre satsing på fiberutbygging. Resultatutvikling framover vil i hovudsak vere avhengig av kraftpris/produksjon og utvikling i inntektsramme. Venta utvikling med dagens kraftprisar er resultat som er noko lågare enn for 2011. Utviklingsarbeidet skal halde fram med mål om å gje gode ringverknader for eigarane på fleire plan, og medvirke til at selskapet held fram å vere ein attraktiv arbeidsplass med høg kompetanse og godt omdømme.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Jf. formål. Eigarskapet i SE er viktig med omsyn til drift og utvikling av fornybar energi i vårt nærrområde (HAFS og eigen kommune) samtidig som eigarskapen representerar ein stor økonomisk verdi for kommunen. Årleg utbytte frå selskapet har dei siste åra vore på om lag kr. 2,8 mill. Styre og leiing har varsla at ein ikkje forvente utbytte fram til 2020. Det er viktig med tydelig eigarskap og at eigarar i samarbeid med styre og dagleg leiar utarbeider mål, strategiar og tiltak for å nå måla, herunder føreseieleg utbyttepolitikk.
Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg
I samband med behov for drift av og utvikling av infrastruktur, dvs. elforsyning, breiband samt vindpark på Lutelandet er det viktig at Fjaler kommune aktivitet støttar selskapet i dette arbeidet og i strategisk utvikling av selskapet sine aktivitetar.
Tilråding
Vidareføre eigarskapen.
Handsama i kommunestyre 17.12.12

Aktiviteten er eit samarbeid med NAV og Fjaler kommune, jf. føremål.
Tilråding
Vidareføre eigarskapen
Handsama i kommunestyre 17.12.12

FJALER KOMMUNE

EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

	DEL 1	
1	BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA	
1.1	Motiv og mål for offentlig eigarskap	
2	GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP	
2.1	Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.	
2.2	Utarbeiding av eigarskapsmeldingar	
2.3	Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter	
2.4	Vurderingar og val av selskapsform	
2.5	Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	
3	ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA	
3.1	Rolla til dei valde representantane	
3.2	Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	
3.3	Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune	
4	OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET	
4.1	Selskapet	
4.2	Avgrensingar i eigarskapen	
	DEL II	
	Omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.	

Vedteken i kommunestyre 17.12.12 – sak .../12

DEL 1 EIGARPOLITIKK

1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerar eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete forhold til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomiske utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap.

Det er og viktig at den enkelte representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar bevisst i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.

Ein eigarskapsmelding vil sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

2 GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Fjaler kommune si eigarskapspolitiske plattform, her under eigarstyring, leiing av verksemd og kontroll

2.1 Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.

Kommunen bør som ein del av folkevaldopplæring gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta i samband med eigarstyring i løpet av det fyrste året av valperioden.

2.2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt eller et anna interkommunalt organ.

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler har eigarinteresse i.

- 1) Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret
- 2) Årsmelding og årsrekneskap frå selskapa vert lagd fram for kommunestyret
- 3) Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:
 - a) Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
 - b) Økonomisk utvikling og viktige hendingar (jfr. årsberetning)
 - c) Mål og prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskapet
 - d) Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg
- 4) Anna viktig informasjon for å ivareta openheit og meiroffentlegheit:
 - a) Kven som er styremedlem samt registrering i www.styrevervregisteret.no
 - b) Styrehonorar – som reflektere ansvaret, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
 - c) Kven som er revisor
 - d) Eigarandel

2.3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter

Selskapa si verksemd/virke skal komme klart fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innan for rammene av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapet ha definert klare mål og strategiar.

1. Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvar sitt

- a. Det bør utarbeidast og jamleg reviderast etiske retningslinjer.
- b. Sjølvstendige verksemdar bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
- c. Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp

2. Eigarane skal handsamast likt

- a. Selskapet skal gi dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
- b. I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- c. For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representant-skapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.

3. Opningsbalansen skal vere tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.

- a. Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemd.
- b. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- c. Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ynskjeleg for kommunen.
- d. Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
- e. Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg vise om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
- f. Ved leveranse av tenestar frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
- g. Det er naturleg at eigar måler resultat ved avkastning på den kapitalen som selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
- h. Det bør utgreiast ein klar utbyttepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stille dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere.

4. Styret skal ha nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.

- a. Samansetjing av styret må ein sjå i forhold til formål.
- b. Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkommande sin kompetanse og styret si totale samansetjing.

- c. I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemmar i styret bør vere nært knytte til kommunen si politiske og administrative leing.
- d. Same person skal ikkje sitje i både generalforsamling og styre i eit selskap.
- e. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret skal det etablerast rutinar som ein del av styrets rammer:
 - a) Avklaring av roller ansvar og oppgåver,
 - b) Krav til kompetanse
 - c) Styreevaluering og årsplanlegging med fokus på mål, strategi og gjennomføring.
 - d) Rapportering til eigar – årsrapportering.
- f. Oppnemning av vararepresentantar bør vere numerisk og ikkje personleg vara gitt utifrå behovet for å kontinuitet og kompetanse.
- g. Habilitet. Nye reglar. Ein bør unngå situasjonar der styrets medlem blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet.
 - a) Etter kommunelova § 72.1 kan ikkje administrasjonssjef og ordførar sitte i føretaksstyra (frå 1.1.10).
 - b) Etter forvaltningslova §6 kan ingen kommunalt tilsette eller folkevalte handtere saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlemmar, også der selskapa er fullt ut offentleg eigde.(Trer i kraft frå 1.11.11)
- h. Kjønnrepresentasjon. KommuneLova § 80a Stiller krav om Kjønnrepresentasjon i styra i samsvar med Aksjelova §20-6

5. Valnemnd i aksjeselskap og interkommunale selskap

- a. For aksjeselskap og interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd for å sikre samansetjing av styre med kompetanse i tråd med eigars formål med verksemda.
- b. Valnemnda bør gjenspegle eigarsitsen og fleirtalet av nemnda bør vere uavhengig av styret og tilsette.
- c. Valnemnda si innstilling skal grunngjevast.

6. Styret skal uavhengig av grunnlag ha ein aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:

- a. Leggje til rette for god dialog på generalforsamling/representantskapen mellom eigarar, styret og leiinga.
- b. Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- c. Utarbeide plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluere verksemda si.
- d. Nye styremedlemer må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:

Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap. I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskapet skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann. Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgje med i selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunne hjelpe ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

2.4 Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverket. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ynskjer å oppnå ved å opprette eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorientering. Tilsvarende analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

Kommunane har følgjande muligheiter:

1. Aksjeselskap, etter aksjeloven. Generalforsamlinga er øvste organ.
2. Interkommunalt selskap (IKS), etter lov om interkommunale selskap. Representantskapen er øvste organ.

For begge desse selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa nødvendig autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Kommunestyret overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet.

3. Kommunalt foretak etter kommunelova kap 11.

Der kommunen ynskjer å gi verksemda ein nok omeir sjølvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen kan den etablere eit styre etter kommunelovas kap. 11. Kommunestyret er øvste organ.

4. Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova §27

Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt beslutningsmyndigheit eller representasjonskompetanse ved bruk av klova §27. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført til styret, er enkelte av verksemdene å rekne som sjølvstendige rettssubjekt.

5. Stiftingar etter Stiftelseslova av 2001

Oppretterne står fritt til å fastsette formålet, og stiftelsen er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftelsar har til forskjell frå dei øvrige ingen eigarar. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten gjere krav på del i stiftinga sitt overskot. Er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

2.5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Sjølv om konkurranselova ikkje har lovfesta at man skal dele frå verksemdar som driv i konkurranse med det private frå monopolverksemd, blir det anbefalt at dette blir gjort der det er mogleg for å unngå rolleblending. Unntak bør berre gjerast der det kan synleggjerast samdriftsfordelar som tilseie at man har felles organisering.

3 Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

3.1 Rolla til dei valde representantane

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet

Før møte i eit selskap skal dei valde representante i Fjaler kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderar ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapen får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresse i.

- a. Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret.
- b. Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- c. Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er
 - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi
 - Stemmer eigarstrategien med dagens formål?
 - Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
 - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt formål?
 - Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

4 Omfanget av det kommunale eigarskapet

4.1 Selskapa

Fjaler kommune har pr. 2010 eigarskap i 10 aksjeselskap. Av aksjeselskapa er Vevang produksjon heileigd av Fjaler kommune, dei andre er eigd anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette og eigarprosenten varierar frå 3,95% til 100%

Aksjeselskapa er desse:

Vevang produksjon AS, Transplant Eigedom AS, Lutelandet Utvikling AS, Haugland Internasjonale FoU Selskap AS, Sunn Lab AS, Firda Produkt AS, Sunnfjord Energi AS, Firda Billag AS (omdanna frå IKS – i løpet av 2010), Dale utleigebygg AS, Haugland Rehabiliteringssenter AS, Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy-Florø AS

Dei interkommunale selskapa (IKS) er:

SYS IKL, Alarmsentralen i S&Fj IKS, Sunnfjord Miljøverk IKS,

Fjaler kommune er med på følgjande interkommunale samarbeid (etter kommunelova sin §27 – eigne rettssubjekt)

Kryss revisjon, Sekom-Sekretariat, SYS IKT, Alden hamneområde

Fjaler kommune er medstiftar i følgjande stiftingar Røde Kors Nordisk United World College, Stiftinga Jensbua.

Andre selskap: Fjaler Næringsutvikling – medlemsorganisasjon. Fjalerhallen driftsselskapet – foreining/lag/innretning, Foreningen Vest Norges Brusselkontor

Når det gjelder stiftingane er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølv. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftinga har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøve mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si eventuelle deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Stiftelsar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

4.2 Avgrensingar i eigarskapen

Sidan kommunen sin eigarprosent varierar frå 100% til under 1% (< 1000,- i AK) har vi valt å avgrense talet på selskap.

Dette gjelder følgjande postar: Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS – aksjekapital < 1%.

Andre verksemdar som ikkje er teke med i vurderinga er:

Hagehola burettslag, Longehogen burettslag,

Del II VURDERING AV SELSKAP OG EIGARSKAP

Del av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

Følgjande mal ligg til grunn for vurdering av selskap og eigarskap:

Fjaler sin eigardel

Styret

Styregodtgjerlse m.v.

Revisor

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Viktige hendingar i 20xx

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	20xx	20xx	20xx
Sum inntekt			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Gjeldsgrad (gjeld/EK)			
Likviditetsgrad			
Eigenkapitalprosent			

Økonomiparametra blir vurdert utifrå følgjande norm:

	Ikkje tilfredsstill.	Svak	Tilfredsstill.	God	Meget god
Resultat av drift	< 0%	0-2%	3-4%	5-7%	> 7%
Totalrentabilitet	< 1%	1-5,99%	6-10%	10-15%	> 15%
Likvidetsgrad (oml/kg)	< 0,5	0,5-0,99	1-1,49	1,5-2	> 2%
Eigenkapitalgrad (ek/t)	< 3%	3-9%	10-17%	18-40%	> 40%
Gjeldsgrad (sum g/ek)	> 20	20-8	7-3	2-1	< 1

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg

Tilråding:

OVERSIKT OVER VERKSEMDER - EIGARDEL OG VERV

AS

tal i 1000

Selskap	Stifta	Eigardel	Andel aks	Styremedlem	Representantar
Sunnfjord Energi AS	1914	10,82 %	21 640	Mass K. Myklebust	Arve Helle
Firda Billag AS	1920	6 %	600	ingen	Arve Helle
SunnLab AS	2003	10 %	167	ingen	Arve Helle
Lutelandet Utvikling AS	2005	34 %	578	Arve Helle (nestleiar)	Arve Helle
Haugland Internasjonale FOU Selskap AS	1995/2005	33,77 %	51	Arve Helle og Linda Hovland	Arve Helle
Transplant Eigedom AS	2006	34,88 %	600	Ingeborg Tysnes, Yngve Åsnes	Arve Helle
Vevang produksjon AS	1990	100 %	100	Øystein Våge, Kjetil Felde (Anior F. Naustdal 31.12.11)	Formannskapet
Firda Produkt AS	1986	5 %	25	ingen	Arve Helle
Dale Utleigebygg AS	1986	3,95	25	ingen	Arve Helle
Visit Fjordkysten AS	2009	6,00 %	36	Linda Hovland	
Kystevegen Måløy - Florø AS	2012	3,47 %	25	ingen	

IKS

Sunnfjord Miljøverk IKS	1992	folketalet		Stig Moltumyr (Erling Hjelle til 31.12.11)	Mette Kvamme/Harald Vik (repr.skap)
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	2003	2,81 %		ingen	Edvin Bøthun
SYS IKL	2009	folketalet		Arve Helle (leiar)	Jan Ulltang (representantskap)

INTERKOMMUNALE SAMARBEID etter kommunelova §27

Namn	komm.l.	Fordeling		Styremedlem
KRYSS revisjon	2005	ressursbruk		Geir Tessem (Magnar Vagstad til 31.12.11)
SEKOM - sekret.	2004	ressursbruk		Magne Nordal (Jofred Åsnes til 31.12.11)
SYS-IKT	2005	folketal/fast		Ola Hovland
Alden hamneområde	2011	andel/fast		Gudmund Solheim (eigarrepresentant)

ANDRE SELSKAP

Fjaler Næringsutvikling (FNU)	2000	medl.organisasj		Arve Helle, Odd Helge Aase	Arve Helle
Dingemoen idrettspark - Fjalerhallen	1995	Forening		Anita Nyland Skaar, Frank Vik	Kommunestyret
Vest Norges Brusselkontor	2009	Forening		Arve Helle	
Hagehola burettslag				Øivind Helle	Arve Helle
Longehoge Burettslag					Arve Helle
Stiftinga Jensbua		stifting		Linda Hovland (FNU)	
Røde Kors Nordisk United World College		stifting			Arve Helle

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 29.09.2015	Saksnr 028/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 15/357
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for Fjaler kontrollutval 2016

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Sum 2016
10800	Godtgjerlse folkevalde	20 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 500
11303	Telefon	1 500
11600	Skyss og diettgodgjersle	5 000
11500	Opplæring, kurs, seminar	20 000
11959	Kontingent FKT	1 500
	Samla drift kontrollutvalet	50 500

.

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet.

Fjaler kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariatstenester gjennom høvesvis KRYSS Revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:
Møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, arbeidsgjevaravgift
Opplæring, kurs, seminar
Reise- og kostgodtgjersle
Kontingent til Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
Inventar/utstyr

For kontrollutvalet i Fjaler gjeld følgjande satsar jfr. Reglement for godtgjersle for folkevalde i Fjaler kommune (justert i sak 097/12).

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste:
 - Ulegitimert kr 160 pr. time inntil kr 1.600 pr. dag.
 - Legitimert etter dokumentasjon avgrensa oppover til ordførar si dagløn.
- Møtegodtgjersle for kontrollutvalseiar kr 630 + tillegg kr 420 pr. møte.
- Møtegodtgjersle medlemar i kontrollutvalet kr 620 pr. møte.

Budsjettframlegg for Fjaler kontrollutval:

Konto	Tekst	2016	2015
10800	Godtgjersle folkevalde	20 000	14 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 500	1 500
11303	Telefon	1 500	1 500
11600	Skyss og diettgodtgjersle	5 000	2 000
11500	Opplæring, kurs, seminar	20 000	15 000
11959	Kontingent FKT	1 500	1 500
	Samla drift kontrollutvalet	50 500	35 500

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Det er difor ynskjeleg at budsjettpostane vert lagt inn på teneste 11051 kontrollutval, i budsjettet til Fjaler kommune.

SEKOM-sekretariat har føreslege auke i budsjettposten opplæring/kurs for 2016 med kr 5.000 sett i forhold til 2015. Vi reknar med at opplæring av det nye kontrollutvalet i hovudsak vert gjennomført på fylkessamlinga 25. januar 2016. I tillegg er det naturleg at leiar og/eller andre i utvalet deltek på den årlege fagkonferansen som vert arrangert av Forum for Kontroll og Tilsyn 7.- 8. juni 2016.

SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon vil gje informasjon og opplæring på første møte etter valet hausten 2015.

Godtgjersle til folkevalde, arbeidsgivaravgift og reiseutgifter er samla auka med kr 10.000 grunna at kontrollutvalet vert auka frå 3 til 5 medlemmer frå valet 2015, jamfør det nye reglementet for kontrollutvalet vedteke i kommunestyret 26.1.2015 sak-008/15.

SEKOM-sekretariat går elles ut frå at det nye kontrollutvalet i Fjaler får tildelt nettbrett før første møte 30. oktober 2015, og vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i Fjaler kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 29.09.2015	Saksnr 029/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/308
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 4-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
23/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	6.11.2009	- Orientering frå rådmannen om dei ulike driftsområda - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen og andre - Orientering frå revisor om finansiell revisjon og generelt - Revisor legge fram rapportar etter kvalitetskontrollar.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Rutinar rundt sjukefråværet.	16.9.2013 16.9.2013 1.11.2013 20.10.2014 12.11.2014 13.11.2014 15.12.2014	Sak 021/13 Tinging vedteken Tinging sendt til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. Sak 028/13 Prosjektplan vedteken Leveringsfrist: November 2014 Rapport levert av KRYSS Revisjon Sak 030/14 Vedtak: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Rutinar rundt sjukefråvær – Fjaler kommune» datert 20.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å sikre at oppfølging av sjukmeldte skjer innanfor aktuelle fristar. Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten. Sendt Fjaler kommune/kommunestyret. Vedteken i kommunestyret sak KOM-098/14

	08.05.2015	Sak 020/15 vedtak: Kontrollutvalet tek informasjon om oppfølging av sjukmelde i Fjaler kommune til vitande.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune	12.11.2014 12.1.2015 12.1.2015 22.1.2015 12.2.2015 8.5.2015 11.5.2015	Sak 031/14: Saka vart utsett Sak 004/15 vedtak: Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon. Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap. Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte. Sendt vedtak til KRYSS Revisjon. Svarbrev frå KRYSS Revisjon der revisor ber om avklaringar Sak 013/15 vedtak: Fjaler kontrollutval vel ut Sunnfjord Energi AS og Vevang Produksjon AS, ved gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som ein revisjonsrapport frå KRYSS Revisjon. Revisor for fullmakt til å velje ut fleire selskap. Undersøkinga gjeld perioden 2013-2014. Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap. Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte. Vedtak sendt KRYSS Revisjon, frist for prosjektplan 24. april. Sak 021/15 Prosjektplanen vart godkjent. Frist for levering 1.9. Sendt til KRYSS Revisjon.
006/15 Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval	12.1.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 12. januar, 8 mai, 10. september og 30. oktober.(ekstramøte 12.2) Bestilt møterom for resten av året
018/15 Rekneskapen 2015 – Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark	8.5.2015 11.5.2015 22.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 25.3.2015, og gjev følgjande uttale: - Kontrollutvalet syner til merknad under konklusjon i revisjonsmeldinga om at det for rekneskapsåra 2013 og 2014 ikkje har vore inntektsført reklame- og sponsorinntekter. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få avklart kven som er eigar av reklame- og sponsorinntekter i høve til driftsselskapet, eigar av hall og lag og organisasjonar. - Kontrollutvalet tilrår at årsrekneskapen for driftsselskapet Dingemoen Idrettspark for 2014 vert godkjent slik han ligg føre med merknad. Sendt Fjaler kommune/kommunestyre m/detaljrekneskap Handsama i kommunestyret KOM-057/15.
019/15 Uttale til rekneskapen 2014 for Fjaler kommune	8.5.2015 11.5.2015 22.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Fjaler kommune vert vedteken. Uttale og sak sendt Fjaler kommune/kommunestyre Handsama i kommunestyret KOM-059/15.

022/15 Tinging av overordna analyse	8.5.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Fjaler kommune frå KRYSS Revisjon.
	11.5.2015	Sendt til KRYSS Revisjon.
	22.6.2015	Brev/info om spørjeundersøking til kommunestyret og kontrollutvalet referert i kommunestyret KOM-045/15

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 29.09.2015	Saksnr 030/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/449
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).